



Innkalling Kommunestyret

Møtedato: 20.05.2021
Møtested: Austrheim samfunnshus
Møtetid: 18:00 - 22:00

Orientering V/A Vestlia (Thomas Lindås)

Status vedtekne vedlikeholdsprosjekt (Thomas Lindås)

Status skulebruksplan, både fysiske oppgraderingstiltak på skolene og førebuingane knytt til å samla ungdomsskolen på Årås, samt samarbeidsavtalen med AVS (Bjørnar Fjellhaug)

Korona-status (Monika Kvamme)

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no. Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

Saksliste

Saksnr	Tittel
029/21	Godkjenning av innkalling og saksliste
030/21	Godkjenning av møteprotokoll
031/21	Orienteringssak
002/21	Kontrollutval - protokoll 27.01.21 og årsmelding for 2020
032/21	Godkjenning av Forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall for NGIR-området
033/21	Rongevær Kurs- og fritidssenter - Leigeavtale mellom Austrheim Kommune og Bergen og Hordaland Turlag
034/21	Rekneskap fyrste kvartal 2021
035/21	Budsjettjustering fyrste kvartal 2021
036/21	Fag og tenesteutvikling i og rundt Region Nordhordland Helsehus - ressurs til koordinering og leiing av samarbeidet
037/21	Endring av stillingstittel frå rådmann til kommunedirektør
038/21	TV-aksjonen 2021 - oppretting av kommunekomiteé
039/21	Ny vara til landbruksfagrådet - Marita Bru/Bygdelista
040/21	Nytt medlem i arealplanutvalet - Marita Bru/Bygdelista

Austrheim 14. mai 2021

Per Lerøy
ordfører

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
029/21	Kommunestyret	PS	20.05.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	21/525

Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
030/21	Kommunestyret	PS	20.05.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	21/525

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg

Protokoll - Kommunestyret - 08.04.2021

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

Saksopplysninger:



Møteprotokoll Kommunestyret

Møtedato: 08.04.2021
Møtestad: Digitalt møte på Teams
Møtetid: 18:00 - 20:00

Spørjetime (ingen spørsmål)

Orienteringar om:

Trafikksikringsmidlar/haldningsskapande arbeid (Asbjørn Toft). Nav/samarbeidsprosjekt (Inger-Lise Brekke). VA-status (Thomas Lindås). Bruken av kommunehuset (Bjarne Ve Sæbø). Interkommunalt PPT-samarbeid (Bjørnar Fjellhaug). Status eigedommar for sal (Thomas Lindås/Bjarne Ve Sæbø)

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Ann Kristin Leirvåg	AP	Medlem
Monika Thorpe	AP	Medlem
Hardy Pedersen	AP	Medlem
Reidar Ulvøy	AP	Medlem
Britt Mary Skaalevik Lerøy	AP	Medlem
Inger Lise Brekke	H	Varaordførar
Morten Sognnes	H	Medlem
Rikke Heldal Hope	H	Medlem
Aslak André Bakke	H	Medlem
Helge Dyrkolbotn	KRF	Medlem
Anne Dahle Austrheim	KRF	Medlem
Randi Keilegavlen Dyrøy	KRF	Medlem
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	SP	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem
Lise Renate Helle	SP	Medlem
Marita Terese Bru	BIA	Medlem

Desse møtte frå administrasjonen:

Asbjørn Nagell Toft, Bjarne Ve Sæbø, Bjørnar Fjellhaug, Ketil Tjore, Monika Kvamme, Odd Harald Dommersnes, Thomas Lindås

Austrheim 9. april 2021

Per Lerøy
ordførar

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
020/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
021/21	Godkjenning av møteprotokoll
022/21	Meldingar
023/21	Orienteringssak
001/21	Oppsummering frå møte i Bergensalliansen 12. mars 2021
024/21	Streaming av politiske møte i Austrheim - kjøp av utstyr og val av lokalitet
025/21	Vedtak om festeavgifter m.m. for Austrheim sokn - 2021
026/21	Løyve av midlar til arbeidet med å tilsetta ny kommunedirektør
027/21	Førespurnad om deltaking i kommuneapell i samband med atomvåpenforbod
028/21	Kvalitetsreforma Leva heile livet (2019-2023) i Austrheim Kommune

020/21: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

08.04.2021 KOMMUNESTYRET

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - 020/21 - 08.04.2021 - Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

021/21: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

08.04.2021 KOMMUNESTYRET

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - 021/21 - 08.04.2021 - Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

022/21: Meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

08.04.2021 KOMMUNESTYRET

Kommunalsjef økonomi og personal, Odd Harald Dommersnes, orienterte om brevet frå Statsforvaltar om at Austrheim vert teke ut av Robek-lista når kommunestyret har vedteke årsrekneskapen for 2020. Statsforvaltar ber om at Austrheim aukar avsetningar til fond framover, så sjølv med overskot må ein halda att på midlane.

Handsaming i kommunestyret:
Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - 022/21 - 08.04.2021 - Vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

023/21: Orienteringssak

Rådmannen sitt framlegg:

08.04.2021 KOMMUNESTYRET

Avdelingsleiar Asbjørn Toft sa at Vestland Fylkeskommunen ved trafikksikringsutvalet har løyvd 200.000 til gang/sykkelveg eller fortau mellom Nordliheimen og Seniorsenteret. Her må endeleg tildeling venta på vedtak. Kommunen ser for seg ein gang/sykkelveg kombinert med tilkomst til Seniorsenteret, for å få vekk denne avkjøringa.

Det som i tillegg er tildelt frå fylket, er 130.000 kroner til haldningsskapande arbeid mellom ungdom, her skal det gjerast arbeid i samarbeid med skular og med ungdomskoordinator.

Ordførar Per Lerøy sa at det er gjort eit godt arbeid med å søka midlar. Skal søka på nytt om nye midlar, her er det årlege tildelingar.

Inger-Lise Brekke orienterte om samarbeidsprosjekt med Nav, med tittelen "Vi inkluderer!". Dette er noko representanten jobbar med til dagleg i Nav, og som er presentert for kommunen tidlegare. (Presentasjonen ligg ved møteboka).

Det er mogleg for bedrifter å verta flinke til å bruka Nav med tanke på tilskot for å få folk ut i arbeid. For kommunen er det kanskje helsesektoren som er mest aktuelt.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om det kan stillast krav til lærlingbruk for bedrifter kommunen brukar, og korleis "Vi inkluderer" kan brukast av kommunen. Inger-Lise Brekke sa om dette at det er opp til kommunen kva dei legg i arbeidet. Det er kontaktpersonar som kan hjelpe kommunen til å bruka Nav betre, og det er opplegg for å laga alternative utdanningsløp for dei som ikkje kan fullføra vanleg lærlingløp.

Kommunalsjef Thomas Lindås orienterte om endringar og status for VA (Presentasjonen ligg ved møteboka).

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om ein tok med seg alt når ein først er i gang med ny vassleidning på Kaland, dette svara Lindås på at skal verta gjort.

Morten Sognes (H) sa at det er bra at ein har klart å redusera vassforbruket, samstundes som ein har fått fleire abonnentar. Viktig med kartlegging av eksisterande nett. Spurte om vatn til Førland, til det siste svara Thomas Lindås at det ligg seinare i VA-planen. Lindås sa vidare at det må vera finansiering på plass, og dessutan må kommunen få tak i fagfolk som kan gjera jobben. Planen er å ta fatt i dette

med vatn til Førland når rammene er på plass.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om bruken av konsulentar hindrar at desse verksemdene kan gje tilbod på arbeidet. Lindås svara at det er entreprenørane som gjev anbod no, Multiconsult er aktuelle for prosjektstyring gjennom ein opsjon ein har på det, etter at dei har bistått med anbodspapira.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at reduksjonen av vassforbruket kjem av at ein har prioritert digitale målarar slik at ein kan finna og isolera lekkasjar ganske raskt. Dei fleste lekkasjar som er oppdaga er på private nett og ikkje på det offentlege. På Kaland tek ein no vatn og overvatn i same grøft der BKK skal leggja fram straumkabel til nye bustader i Kalandfeltet. Skjer mykje positivt no.

Bjarne Ve Sæbø orienterte om arealbruk på kommunehuset, og moglege endringar.

Kartlegginga som er gjort viser at det er til dels lite lydisolering mellom kontora, dette er vanskeleg å løysa sidan det er bygd for ope landskap, med veggjar som berre går opp til himling. I kartlegginga var det også etterlyst fleire møterom.

Sæbø gjekk gjennom skissene etasje for etasje. I første etasje er biblioteket tenkt der Servicekontoret er i dag, med moglegheit for meirope. Biblioteket vil vera kombinert med Servicekontoret sin inngang. I denne etasjen er det etablert HC-toalett der det i dag er toalett, ved å utvida med å ta rekvisitarommet.

I andre etasje er biblioteket sett til bruk for kyrkja, det står fysioterapi på teikninga men det er teke ut av styringsgruppa. Litt justeringar i dørplassering på Familiekontoret. Etablering av HC-toalett, ved å utvida eitt av dei eksisterande toaletta.

I tredje etasje er det teikna inn vegg som skjermar økonomikontoret, og arkivet for økonomi vert nytt møterom. Service er tenkt flytta opp i tredje etasje. Etablering av HC-toalett, ved å utvida eitt av dei eksisterande toaletta.

Odd Harald Dommersnes sa at det er politisk å avgjera kva som skal investerast i, men det er andre ting som også er presserande, som Vestlia og på Kaland skule. Gjekk over budsjett på vintervedlikehald, alt dette er budsjettjusteringar som kjem til kommunestyret seinare.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om ein kan løysa noko ved å ta i bruk terrassen i 3. etasje. Om dette svara Thomas Lindås at konstruksjonen på bygget er pressa med tanke på vekt. Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at han også tvila på styrken for terrassen, men evt. ved Austrheimstova/kantina kan ein gjera noko med eit tilbygg.

Per Lerøy (Ap) oppsummerte med at biblioteket har søkt om støtte til flyttinga frå 2. til 1. etasje. Elles vil administrasjonen komma tilbake til politikarane med meir detaljerte planar med overslag på kostnader.

Rådmann Bjørnar Fjellhaug sa at det kom spørsmål frå Gulen og Masfjorden sist haust om samarbeid på PPT, her har Austrheim sagt seg villig til å vera vertskommune. Eit samarbeid på PPT er positivt også for Austrheim for å sikra ei god teneste, og vera mindre sårbare.

Administrasjonane i nabokommunane Masfjorden og Gulen har innstilt på samarbeid med Austrheim om Fensfjorden PP-teneste. Desse kommunane har samarbeid med Ytre Sogn PP-teneste ut året, Fensfjorden PPT kan så komma frå nyttår. Har elles søkt etter logoped i samarbeid med Fedje og Modalen kommunar, her er det fleire som er interesserte i jobben.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det er bra at ein får styrka små og sårbare fagmiljø, og at Austrheim kan få vera vertskommune.

Bjarne Ve Sæbø orienterte om sal av eigedommar. Eit tomteareal på Kaland og eit hus i Åråsfeltet ligg ute no, og ei leilegheit på Blomhaugane er på veg ut for sal. Brukar eigedomsmeklar for å sikra best mogleg pris. Kommunalsjef Thomas Lindås sa at sal av eigedommar baserer seg på arbeidet som vart gjort med planen for strategisk eigedomsforvaltning.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

KS - 023/21 - 08.04.2021 - Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

001/21: Oppsummering frå møte i Bergensalliansen 12. mars 2021

Rådmannen sitt framlegg:

08.04.2021 KOMMUNESTYRET

Ordførar Per Lerøy (Ap) orienterte om arbeidet i Bergensalliansen. Mellom anna er det no sagt at to av oljefelta i Nordsjøen som skal elektrifiserast skal henta kraft med sjøkabel direkte frå Samnanger, og ikkje via luftspenn til kysten.

Reidar Øksnes (Sp) sa at det manglar logikk i å ta straum til å elektrifisera ei næring som ein skal avvikla så snart som mogleg, samstundes som dette stoppar etableringa av nye grønne næringane. Dette støtta Lerøy, men det vert ofte vist til det nasjonale CO2-rekneskapet med meir.

Reidar Ulvøy (Ap) sa at det er betre å forsyna plattformer med straum frå gass brent på plattform, Lerøy viste til at det er spelt inn, men så langt har ikkje kommunane her og Vestland fylkeskommune blitt høyrte. Målet må vera at Vestland får bruka her den krafta regionen produserer.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at Bergensalliansen jobbar med framlegget til Nasjonal transportplan (NTP) for å få med også midlar til ringveg aust og særleg Klauvaneset - Vågsbotn, utan å setta prosjekt i Hordaland opp mot kvarandre. Bergensalliansen skal laga sin uttale som vert sendt til Stortinget si handsaming av NTP.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for å ta orienteringa til vitande.

KS - 001/21 - 08.04.2021 - Vedtak:

Kommunestyret tok orienteringa til vitande.

024/21: Streaming av politiske møte i Austrheim - kjøp av utstyr og val av lokalitet

Rådmannen sitt framlegg:

Saka vert lagt fram til drøfting, utan framlegg til vedtak.

Kommunestyret vedtar oppstart av streaming av politiske møte i Austrheim. Møta skal haldast i kafeen på samfunnshuset, og streamingutstyret skal monterast der. Administrasjonen kjem tilbake med utkast til ein leigeavtale med samfunnshuset.

18.03.2021 FORMANNSKAPET

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) var ikkje tilstades ved handsaminga av denne saka.

Ordfører Per Lerøy (Ap) viste til planar om å oppgradera kafeen på samfunnshuset, slik at denne kan brukast til politiske møte. Det skal lagast ei sak til neste politiske møte med ein leigeavtale med Austrheim samfunnshus. Lerøy sa vidare at oppgraderinga omfattar å skjerma for lyd frå kjøkkenet, oppgradera ventilasjon, nye vindaug og betre varmestyring.

Rådmann Bjørnar Fjellhaug sa at streaming av politiske møte er i tråd med å auka digitalisering i kommunen.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det er naturleg å streama formannskap og kommunestyre.

Inger Lise Brekke (H) spurte om kor lang tidsperiode ein avtale med samfunnshuset skal gjelda.

Kommunalsjef Thomas Lindås sa at det kan vera langsiktig, men bør vera mogleg å seia opp. Brekke sa at det gjerne kan vera ein avtale med ei viss tid og med ein opsjon for forlenging.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for nytt framlegg til vedtak.

FS - 036/21 - 18.03.2021 - Vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å vedta oppstart av streaming av politiske møte i Austrheim.

Møta skal haldast i kafeen på samfunnshuset, og streamingutstyret skal monterast der.

Administrasjonen kjem tilbake med utkast til ein leigeavtale med samfunnshuset.

08.04.2021 KOMMUNESTYRET

Formannskapet si innstilling foreslått av:

Kommunestyret vedtar oppstart av streaming av politiske møte i Austrheim. Møta skal haldast i kafeen på samfunnshuset, og streamingutstyret skal monterast der. Administrasjonen kjem tilbake med utkast til ein leigeavtale med samfunnshuset.

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at dette med streaming har komme for å bli. Bra om ein kan få ein avtale med samfunnshuset som sikrar at dei kan rusta opp kafeen.

Reidar Øksnes (Sp) sa at ein kan sjå på mobilt utstyr heller enn å venta, dersom det dreg ut i tid.

Rådmann Bjørnar Fjellhaug sa at ein kan komma i gang med streaming før ein er ferdig med ombygging av lokala. Ketil Tjore supplerte med at streaming av Teams-møte kan komma i gang raskt, før ein streamar fysiske møte.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak.

KS - 024/21 - 08.04.2021 - Vedtak:

Kommunestyret vedtar oppstart av streaming av politiske møte i Austrheim. Møta skal haldast i kafeen på samfunnshuset, og streamingutstyret skal monterast der. Administrasjonen kjem tilbake med utkast til ein leigeavtale med samfunnshuset.

025/21: Vedtak om festeavgifter m.m. for Austrheim sokn - 2021

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre vedtek at nye og oppjusterte avgiftssatsar for festeavgift vert gjort gjeldande frå og med 01.mars etter tilråding frå Austrheim sokneråd.

Nye avgiftssatsar vert:

- Festeavgift for gravminner mellom 21 og 60 år: kr 500 pr år. Festeavgift vert kravd inn i bolkar på inntil 5 år. For eksisterande festeavgiftsavtalar vil prisendringa gjelda graver som er eldre enn 26 år.
- Festeavgift for gravminner over 61 år: kr 900 pr år. Gravminner over 61 år skal normalt slettast. Festeavgift vert kravd inn i bolkar på inntil 5 år.
- Festeavgift for barnegrav og urnegrav: 50% av ordinær avgift.
- Årleg gravstellsavtalar vert auka frå kr 1.200 til kr 1.500 for 2021 og til kr 1.900 frå og med 2022.
- Kremasjonsavgifta vert refundert for innbyggjarar med bustadadresse i Austrheim kommune.
- Timesats/godtgjering for utbetring og montering utført på oppdrag av gravplassforvaltninga sine egne tilsette: kr 500
- Avsetjing av kistegrav (dobbelgrav) – maksimalt inntil 20 år:
 - kr 5000 – gjeldande for dei 10 første åra.
 - kr 2.500 gjeldande for kvart av dei neste 5 årsbolkane.
 - Innbetalt avgift vert ikkje refundert.
- Avgifter utanbygds; gravferd, kiste eller urnegravlegging:
 - Grunnpris kistegravlegging: kr 8.000
 - Tillegg for sermoni i kyrkja kr 5.700
 - Grunnpris urnegravlegging kr 4.000
 - Tillegg for sermoni i kyrkja kr 5.700

18.03.2021 FORMANNSKAPET

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) var ikkje tilstades ved handsaminga av denne saka.
Handsaming i formannskapet.
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak

FS - 038/21 - 18.03.2021 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek at nye og oppjusterte avgiftssatsar for festeavgift vert gjort gjeldande frå og med 01.mars etter tilråding frå Austrheim sokneråd.

Nye avgiftssatsar vert:

- Festeavgift for gravminner mellom 21 og 60 år: kr 500 pr år. Festeavgift vert kravd inn i bolkar på inntil 5 år. For eksisterande festeavgiftsavtalar vil prisendringa gjelda graver som er eldre enn 26 år.
- Festeavgift for gravminner over 61 år: kr 900 pr år. Gravminner over 61 år skal normalt slettast. Festeavgift vert kravd inn i bolkar på inntil 5 år.
- Festeavgift for barnegrav og urnegrav: 50% av ordinær avgift.
- Årleg gravstellsavtalar vert auka frå kr 1.200 til kr 1.500 for 2021 og til kr 1.900 frå og med 2022.
- Kremasjonsavgifta vert refundert for innbyggjarar med bustadadresse i Austrheim kommune.
- Timesats/godtgjering for utbetring og montering utført på oppdrag av gravplassforvaltninga sine egne tilsette: kr 500
- Avsetjing av kistegrav (dobbelgrav) – maksimalt inntil 20 år:
 - kr 5000 – gjeldande for dei 10 første åra.
 - kr 2.500 gjeldande for kvart av dei neste 5

årsbolkane.

- *Innbetalt avgift vert ikkje refundert.*
- *Avgifter utanbygds; gravferd, kiste eller urnegravlegging:*
 - *Grunnpris kistegravlegging: kr 8.000*
 - *Tillegg for sermoni i kyrkja kr 5.700*
 - *Grunnpris urnegravlegging kr 4.000*
 - *Tillegg for sermoni i kyrkja kr 5.700*

08.04.2021 KOMMUNESTYRET

Rådmann Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka.
Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

KS - 025/21 - 08.04.2021 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek at nye og oppjusterte avgiftssatsar for festeavgift vert gjort gjeldande frå og med 1. mars etter tilråding frå Austrheim sokneråd.

Nye avgiftssatsar vert:

- *Festeavgift for gravminner mellom 21 og 60 år: kr 500 pr år. Festeavgift vert kravd inn i bolkar på inntil 5 år. For eksisterande festeavgiftsavtalar vil prisendringa gjelda graver som er eldre enn 26 år.*
- *Festeavgift for gravminner over 61 år: kr 900 pr år. Gravminner over 61 år skal normalt slettast. Festeavgift vert kravd inn i bolkar på inntil 5 år.*
- *Festeavgift for barnegrav og urnegrav: 50% av ordinær avgift.*
- *Årleg gravstellsavtalar vert auka frå kr 1.200 til kr 1.500 for 2021 og til kr 1.900 frå og med 2022.*
- *Kremasjonsavgifta vert refundert for innbyggjarar med bustadadresse i Austrheim kommune.*
- *Timesats/godtgjering for utbetring og montering utført på oppdrag av gravplassforvaltninga sine egne tilsette: kr 500*
- *Avsetjing av kistegrav (dobbelgrav) – maksimalt inntil 20 år:*
 - *kr 5000 – gjeldande for dei 10 første åra.*
 - *kr 2.500 gjeldande for kvart av dei neste 5 årsbolkane.*
 - *Innbetalt avgift vert ikkje refundert.*
- *Avgifter utanbygds; gravferd, kiste eller urnegravlegging:*
 - *Grunnpris kistegravlegging: kr 8.000*
 - *Tillegg for sermoni i kyrkja kr 5.700*
 - *Grunnpris urnegravlegging kr 4.000*
 - *Tillegg for sermoni i kyrkja kr 5.700*

026/21: Løyve av midlar til arbeidet med å tilsetta ny kommunedirektør

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret løyver inntil 400.000 kroner til konsulenthjelp i samband med rekruttering av kommunedirektør. Rådmannen kjem tilbake til kvar midlane skal hentast, i samband med

budsjettjusteringa etter 2. tertial 2021.

Rådmannen legg fram ei sak til neste møte om å endra tittelen frå rådmann til kommunedirektør.

Kommunestyret løyver inntil 350.000 kroner til konsulenthjelp i samband med rekruttering av kommunedirektør. Rådmannen kjem tilbake til kvar midlane skal hentast, i samband med budsjettjusteringa etter 2. tertial 2021.

08.04.2021 KOMMUNESTYRET

Sak på endra tittel. foreslått av: Per Lerøy

Rådmannen legg fram ei sak til neste møte om å endra tittelen frå rådmann til kommunedirektør.

Felles framlegg om ramme 350.000 foreslått av:

Kommunestyret løyver inntil 350.000 kroner til konsulenthjelp i samband med rekruttering av kommunedirektør. Rådmannen kjem tilbake til kvar midlane skal hentast, i samband med budsjettjusteringa etter 2. tertial 2021.

Ordførar Per Lerøy (Ap) innleia, og spurte om det bør gjerast eit formelt vedtak på at tittelen skal endrast frå rådmann til det kjønnsnøytrale kommunedirektør.

Reidar Øksnes (Sp) sa at ein må lysa ut etter det ein ønskjer, men bør kanskje gjerast ei formelt vedtak. Elles bra om ein får på plass ei oversikt over leiarstillingar og personar.

Rådmann Bjørnar Fjellhaug sa at lova legg opp til kommunedirektør eller administrasjonssjef.

Ordførar Lerøy ba om at det vert lagt fram ei sak til vedtak om bytte av tittelen.

Reidar Øksnes (Sp) viste til at det ved sist rekruttering i 2018 vart løyvt 220.000 kroner, spurte om grunnen til auken no. Ordførar Per Lerøy svara at taket på 400.000 er sett etter at det faktisk vart brukt 301.000 kroner sist når alt var oppgjort. Kan setja ei lågare ramme, men ønskjer uansett ikkje å bruka meir enn ein må.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om ein må ha anbod eller kan bruka dei som ein brukte sist, Per Lerøy (Ap) svara at Visindi som gjorde jobben sist har takka nei til dette på grunn av manglande kapasitet.

Per Lerøy (Ap) sa at det sannsynleg at ein kan klara seg innanfor 350.000, og kan setja ned prisen til det. Om dette sa Inger-Lise Brekke at det kan vera greitt å setja ramma ned til 350.000. Helge Dyrkolbotn sa at det ikkje er mål å bruka 400.000, men dumt å måtta gå til kommunestyret og be om meir midlar.

Aslak Bakke (H) sa at ein kan visa moderasjon og halda seg til 350.000 kroner.

Per Lerøy spurte om ein skal setta ramma på 350.000 og dette støtta kommunestyret.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for fellesframlegg til vedtak, på 350.000 kroner som ramme

KS - 026/21 - 08.04.2021 - Vedtak:

Kommunestyret løyver inntil 350.000 kroner til konsulenthjelp i samband med rekruttering av kommunedirektør. Rådmannen kjem tilbake til kvar midlane skal hentast, i samband med budsjettjusteringa etter 2. tertial 2021.

Rådmannen legg fram ei sak til neste møte om å endra tittelen frå rådmann til kommunedirektør.

027/21: Førespurnad om deltaking i kommuneapell i samband med atomvåpenforbod

Rådmannen sitt framlegg:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Kommunestyret i Austrheim støttar appellen.

08.04.2021 KOMMUNESTYRET

Fellesframlegg foreslått av:

Kommunestyret i Austrheim støttar appellen.

Rådmann Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, som var lagt fram utan framlegg til vedtak.

Ordførar Per Lerøy la fram framlegg om å støtta appellen.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for å støtta appellen.

KS - 027/21 - 08.04.2021 - Vedtak:

Kommunestyret i Austrheim støttar appellen.

028/21: Kvalitetsreforma Leva heile livet (2019-2023) i Austrheim Kommune

Rådmannen sitt framlegg:

1. Den skisserte planen for reforma **Leva heile livet - Gode liv for eldre i Austrheim kommune** vert vedteken slik den ligg føre (2019-2023).
2. Tiltak som vert gjennomført skal gjerast innanfor dei økonomiske rammene til avdeling helse og omsorg. Eventuelle kostnader framover må innarbeidast i budsjettarbeidet for 2022.

Saka vert utsett til neste kommunestyre eller det etter.

08.04.2021 KOMMUNESTYRET

Utsetting foreslått av: Per Lerøy

Saka vert utsett til neste kommunestyre eller det etter.

Kommunalsjef Helse og omsorg, Monika Kvamme, orienterte om saka.

Helge Dyrkolbotn (KrF) ba om at ein også tek med seg aktiviteten som er på Seniorsenteret, og i regi av ulike lag og organisasjonar. Spurte om ein kan gjera vedtak her seinare for å ta med seg dette.

Monika Kvamme sa at det er forventa politisk vedtak i løpet av 2021.

Reidar Øksnes (Sp) sa at ein kan utfordra til meir frivillig innsats, kan unge vera besøksvenner? Er gjort mykje bra med turstiar.

Per Lerøy (Ap) sa at ein då kan utsetja saka og ta dette med i neste framlegg.

KS - 028/21 - 08.04.2021 - Vedtak:

Saka vert utsett til neste kommunestyre eller det etter.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
031/21	Kommunestyret	PS	20.05.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	21/525

Orienteringssak

Framlegg til vedtak:

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
002/21	Kommunestyret	OS	20.05.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	21/111

Kontrollutval - protokoll 27.01.21 og årsmelding for 2020

Vedlegg

Årsmelding 2020 - Austrheim kontrollutval
Oversendingsmail

Framlegg til vedtak:

Saksopplysninger:




Årsmelding 2020

Austrheim kontrollutval



Innhald

1. Innleiing	3
2. Austrheim kontrollutval	3
3. Revisjon og sekretariatsordning.....	3
4. Møteaktivitet og saker i 2020	4
5. Opplæring og kurs.....	5
6. Avsluttande kommentarar	5



1. Innleiing

Kontrollutvalet si verksemd er definert i kommunelova i kapittel 23, samt forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret føre løpande tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga, samt sjå til at kommunen har ein forsvarleg revisjonsordning. Kontrollutvalet skal rapportere til kommunestyret om sitt arbeid, og gjer dette mellom anna via møteprotokollar, særutskrifter av saker til handsaming, og gjennom årsmelding for kontrollutvalet sitt arbeid.

2. Austrheim kontrollutval

Austrheim kommunestyre vedtok i konstituerande kommunestyremøte i sak 065/19 val av kontrollutval for perioden 2019 – 2023. Kontrollutvalet har 5 medlemmer og personlege vara. Kommunestyret gjorde vedtak i sak 107/19 om varamedlem for KrF. Eit medlem i kontrollutvalet er fast medlem i kommunestyret i perioden, og fleire av medlemmene er vara i kommunestyret.

Kontrollutvalet er sett saman av desse medlemmene:

Medlem	Vara
Gunnestein Sætre (leiar)	Jan Olav Øksnes
Jan Erik Espelid (nestleiar)	Marita Bru
Britt M. Skaalevik Lerøy	Marielle S. Storebø
Morten Hodnekvam	Hege Ramsland
Inger Aasen	Egil Sætre

3. Revisjon og sekretariatsordning

Revisjon

Den praktiske utføringa av tilsyns- og kontrolloppgåvene vert ivareteke hovudsakeleg av revisjonen. Kapittel 24 i kommuneloven omhandlar revisjon, og revisor skal rapportere om sitt arbeid og resultat av sin revisjon til kontrollutvalet. Det er kommunestyret som vedtek val av revisjonsordning og val av revisjon, etter innstilling frå kontrollutvalet.

Nordhordland Revisjon IKS har revidert Austrheim kommune siden 1995, og var i 2020 eigd av kommunane Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen og Osterøy. Frå 01.01.2021 er selskapet slått seg saman med Indre Hordaland Revisjonsdistrikt og etablert Vestlandsrevisjon IKS. Revisjonsteamet har avdeling i Knarvik og på Voss, er medlem av Norges Kommunesrevisorforbund (NKRF).

Sekretariat

Kommuneloven § 23-7 omhandlar sekretariatsfunksjonen til kontrollutvalet. Sekretariatet er kontrollutvalet sitt operative organ og har som hovudoppgåve å sjå til at dei saker som vert handsama av kontrollutvalet er forsvarleg utgreia, og at utvalet sine vedtak vert sett i verk. Sekretariatet skal vere ein fagleg ressurs for kontrollutvalet, og skal vere uavhengig av kommunen sin administrasjon og av dem som utfører revisjon for kommunen.

Region Nordhordland (NUI) har sekretariatsfunksjon for Austrheim kontrollutval, og har sidan 2005 ivareteke sekretariatsoppgåvene for kontrollutvala i eigarkommunane, med unntak av Gulen. I denne valperioden har selskapet også avtale med Voss herad om sekretariatsfunksjon for Voss kontrollutval. Sekretariatet har kontor i Knarvik i Alver kommune og er medlem av NKRF.

4. Møteaktivitet og saker i 2020

Møteaktivitet

Austrheim kontrollutval har hatt 5 møter i 2020 og handsama 53 saker inklusive formaliassaker. Grunna smittesituasjonen kring korona og nasjonale/lokale føringar, vart møter og saker utsett våren 2020, og 2 av møta har vore gjennomført som fjernmøte via Teams.

Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Kommuneloven §§ 23-3 og 23-4 omhandlar forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll og setter krav til at det skal utarbeidast ein risiko- og vesentlegvurdering av kommunen sin verksemd og sine eigarskap, knytt til utarbeiding av planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. I sak 05/20 vedtok kontrollutvalet prosessplan for dette arbeidet, som har pågått i store deler av 2020. Framlegg til plan for forvaltningsrevisjon 2020 – 2024 og plan for eigarskapskontroll 2020 – 2024 vart vedtatt av kommunestyret i møtet 10.12.2020. Kontrollutvalet vil følgje opp planane i dei neste åra.

Rekneskapsrevisjon

Kontrollutvalet skal etter kommunelova § 23-2 a og forskrift om kontrollutvalg og revisjon sjå til at kommunen sitt rekneskap vert revidert på ein betryggande måte, og skal gje uttale til kommunestyret om årsrekneskapen og årsmeldinga. Kontrollutvalet handsama i sak 17/20 årsmelding og rekneskap for 2019, revisjonsmelding og revisjonsrapport nr. 17, og uttale til desse vart sendt til formannskapet og kommunestyret. Kontrollutvalet peika særleg på merknadene frå revisjonane, og følgte desse opp i møtet 25.11.2020 i sak 46/20.

Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga er eit av dei nye lovkrava i kommuneloven, jf. § 24-9. Kontrollutvalet fekk orientering om gjennomføring og resultat av kontrollen i sak 36/20. Temaet for kontrollen i økonomiåret 2020 har vore offentlege anskaffingar, og kontrollutvalet ønskjer følgje dette området opp i løpet av perioden.

Oppfølging av tidlegare saker

I førre periode vart det tinga eit forvaltningsrevisjonsprosjekt om PPT og spesialundervisning i Austrheim kommune. Kontrollutvalt fekk framlagt rapport frå denne i sak 04/20 og har følgd opp tilrådingane frå revisjonen i løpet av 2020.

Andre saker som vart handsama i 2020

- Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval
- Orienteringar om aktuelle saker i Austrheim kommune
- Årsrapport for 2019, Austrheim kemnerkontor

- Orienteringar om kommunal kriseleiing og oppfølging av smittesituasjonen med Covid-19
- Orientering om interkommunalt barnevern
- Orientering om internkontrollsystem
- Orienteringar om budsjett- og rekneskapstal
- Orientering om lovkrav og rutinar innan byggjesaksområdet
- Orientering om etablering av Vestlandsrevisjon IKS
- Uavhengighetserklæring frå revisor
- Framlegg til budsjett for kontrollarbeidet i 2021
- Møteplan for kontrollutvalet i 2021

5. Opplæring og kurs

Kontrollutvalet ser at kurs og opplæring av medlemmene er viktig, og er positive til at utvalet vart invitert til å delta i felles folkevaldopplæring då dette vert gjennomført av kommunen i starten av valperioden.

Kontrollutvalet hadde oppstartsmøte i desember 2019 med fokus på introduksjon og informasjon til et nytt kontrollutval for valperioden. Varamedlemmer vart invitert til å delta i oppstartsmøtet.

I starten av 2020 vart det arrangert eit lokalt dagskurs av Nordhordland Revisjon og eit regionalt kurs av Vestland fylkeskommune for medlemmer i kontrollutvala i regionen.

Sekretariatet arrangerte ein digital samling for kontrollutvalsleiarane i april 2020 med fokus på regler for fjernmøter, bruk av Teams og korleis smittesituasjonen påverka kontrollutvala sitt arbeid.

6. Avsluttande kommentarar

Kontrollutvalet vil takke for alle orienteringar og god kommunikasjon med administrasjonen, kommunestyret, revisjonen og sekretariatet i året som er gått.

27. januar 2021

*Gunnstein Sætre
Leiar i kontrollutvalet*

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Fra: Tonje Husum Aarland <tonje.husum.aarland@nordhordland.net>
Sendt: torsdag 4. februar 2021 15.30
Til: Gunnstein Sætre; jespe62@hotmail.com; britt.leroy@hotmail.no; mhodnekv@gmail.com; inger.aasen@gmail.com
Kopi: jan_30001@hotmail.com; marita.bru2209@gmail.com; mstorebo@outlook.com; hegeramsland@gmail.com; egsetre@gmail.com; Per Lerøy; Liv Løvvik; Bjørnar Fjellhaug; Thomas Lindås; Odd Harald Dommersnes; Ketil Tjore; Post Austrheim; Janne Eraker; Ragnhild Kartveit Høyland; Nhr Revisjon; Bent Gunnar Næss; 'avisa@nordhordland.no'; 'avisa@strilen.no'
Emne: Austrheim kontrollutval - Møteprotokoll og årsmelding for 2020
Vedlegg: Årsmelding 2020 - Austrheim kontrollutval.pdf; 2021 01 27 Møteprotokoll - Austrheim kontrollutval.pdf

Til faste medlemmer i kontrollutvalet

Kopi: Varamedlem, ordfører, rådmann, økonomisjef, postmottak, Vestlandsrevisjon IKS

Vedlagt er:

- Møteprotokoll frå møtet 27.01.2021
- Årsmelding 2020 – Austrheim kontrollutval

Møteprotokollen og årsmeldinga skal til kommunestyret til orientering, og publiserast på kommunen sine heimesider.

Neste møte i kontrollutvalet er onsdag **28. april kl. 08.30.**

Meir informasjon om politisk møteplan og protokollar finn du på kommunen sine heimesider og i innsynsløysinga:

<http://innsyn.sing.no/Austrheim/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>

Med ønskje om ein fin ettermiddag!

Venleg helsing
Tonje Husum Aarland

Sekretariat i kontrollutvalet | Nordhordland Utviklingsselskap IKS | Region Nordhordland
Mobil +47 92 85 84 13 | www.regionnordhordland.no

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
051/21	Formannskapet	PS	06.05.2021
032/21	Kommunestyret	PS	20.05.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	FA-M50	21/277

Godkjenning av Forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall for NGIR-området

Vedlegg

Forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall for NGIR-området - Høyringsutkast

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune godkjenner **Forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall for NGIR-området**. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga. Denne forskrifta er heimla i LOV-1981-03-13-6 Lov om vern mot forureiningar og om avfall (forureiningslova) §§ 30, 31, 33, 34, 37, 48, 49, 50, 79, 83 og 85

Formannskapet - 051/21 - 06.05.2021

FS - behandling:

Avdelingsleiar plan Asbjørn Toft orienterte om saka.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Austrheim kommune godkjenner **Forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall for NGIR-området**. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga. Denne forskrifta er heimla i LOV-1981-03-13-6 Lov om vern mot forureiningar og om avfall (forureiningslova) §§ 30, 31, 33, 34, 37, 48, 49, 50, 79, 83 og 85

Saksopplysninger:

Formannskapet vedtok den 18.03.2021 i sak 040/21 å senda **Forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall i NGIR-området** ut på høyring. Høyringsfrist vart sett til 19. april 2021. Det er ikkje kome inn merknadar til framlegget. Det er vorte kunngjort på vanleg måte.

Gjeldande forskrift om innsamling av forbruksavfall for Austrheim kommune er ei felles forskrift for alle kommunane tilknytt Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap (NGIR), og vart vedteken av Austrheim kommune den 28.06.2020. Nyoppretta Alver kommune må vedta forskrift om slamtømming innan eitt år etter etablering. NGIR ser det då som mest hensiktsmessig å utarbeide ei ny forskrift gjeldande for heile NGIR-området. Administrasjonen i kommunane tilknytt NGIR har delteke i utforming av forskrifta. Framlegg til ny forskrift har vore på offentleg høyring i samsvar med forvaltningslova kap. VII. Endeleg politisk vedtak skal gjerast av kommunestyret. Ny forskrift om renovasjon skal vere gjeldande frå då kommunestyret i Austrheim gjer godkjenningssvedtak.

Forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall er ei lokal forskrift som omhandlar innsamling av hushaldsavfall frå bueiningar. Næringsavfall er ikkje inkludert i ordninga. Den som har næringsavfall, har sjølv ansvaret for at avfallet vert levert til godkjend mottak. Kommunen har etter lov om forureining og avfall (forureiningslova) §§29 og 30 ansvar for å ha anlegg for mottak og innsamling av hushaldsavfall. Kommunen kan etter same paragraf gje forskrift som er naudsynt for å få til ein hensiktsmessig innsamling og oppbevaring av avfallet.

Ny forskrift baserer seg på eksisterande forskrift, men systematiserer og klargjer tydelegare kva oppgåver NGIR og abonnent har. I tekst er det t.d. endra frå kommunen til NGIR der NGIR har ansvar for den praktiske gjennomføringa (td. plassering av behaldarar og handsaming av fritak frå ordninga). Dette for betre å synleggjere ovanfor abonnent kva som er delegert til NGIR, og vil ikkje medføre større endringar ut i frå dagens praksis. I tillegg vert det opna for at NGIR får større rom for å utarbeide retningslinjer, rettleiarar og informasjon til abonnentane. Døme er rettleiar til forskrifta og retningslinjer for tilkomstkomstveg som ligg vedlagt saksutgreiinga. Informasjon til abonnentane vil med dette bli betra, og kan enklare tilpassast endra behov eller nye tekniske løysingar.

Det er mest føremålsteneleg med ei lik forskrift for heile NGIR-området. Kvar enkelt kommune har lagt framlegget til forskrift ut på høyring . Etter at høyringsuttalar er evaluerte og eventuelt tekne omsyn til, vert forskrifta lagt fram til kvar enkelt kommune for godkjenning.

Vurdering:

Slik rådmannen ser at framlegget til forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall som no har vore på høyring i samsvar med med innarbeidd praksis. Samstundes er den meir fleksibel for gjennomføring ved endra behov / nye tekniske løysingar. Når ny forskrift er vedteke i kommunestyret vil den verte kunngjort i Norsk Lovtidende, og gjort tilgjengeleg på Lovdata.no. Rådmannen meiner at forskrifta er godt gjennomarbeidd og har vurdert den som god og framtidretta.

Rådmannen rår til at Forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall i NGIR-området vert godkjent slik den ligg føre.

Konklusjon:

Austrheim kommune godkjenner Forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall for NGIR-området.

FORSKRIFT OM INNSAMLING OG HANDSAMING AV HUSHALDSAVFALL

Gjeldande frå 1. januar 2021

Denne forskrifta er gjeve med heimel i LOV-1981-03-13-6 Lov om vern mot forureiningar og om avfall (forureiningslova) §§ 30, 31, 33, 34, 37, 48, 49, 50, 79, 83 og 85. Forskrifta er vedteke av kommunestyra i (vedtaksdato i parentes):

Alver kommune	(xx.xx.2020)
Austrheim kommune	(xx.xx.2020)
Fedje kommune	(xx.xx.2020)
Gulen kommune	(xx.xx.2020)
Masfjorden kommune	(xx.xx.2020)
Modalen kommune	(xx.xx.2020)
Solund kommune	(xx.xx.2020)

INNHALD

Kapittel 1 Innleiande bestemmingar

- § 1 Føremål og verkeområde
- § 2 Avgrensingar – næringsavfall
- § 3 Delegasjon
- § 4 Definisjonar

Kapittel 2 Kommunen sitt ansvar og kommunen sine pliktar

- § 5 Tvungen renovasjon
- § 6 NGIR sine pliktar og ansvar for renovasjonen

Kapittel 3 Abonnementen og kunden sine pliktar

- § 7 Generelle pliktar
- § 8 Bruk og ansvar for oppsamlingseiningar

Kapittel 4 Tekniske bestemmingar

- § 9 Alternative oppsamlingsordningar

§ 10 Krav til veg og hentestad

§ 11 Avfallsmottak

§ 12 Planarbeid

Kapittel 5 Gebyr og betaling

§ 13 Renovasjonsgebyr

§ 14 Fastsetjing av renovasjonsgebyr og kven som skal betala

§ 15 Innkrevjing

Kapittel 6 Administrative bestemningar

§ 16 Dispensasjon

§ 17 Kontroll

§ 18 Pålegg og sanksjonar

§ 19 Klagegang

§ 20 Ikraftsetjing

KAPITTEL 1 INNLEIANDE BESTEMMINGAR

§ 1 Føremål og verkeområde

Forskrifta gjeld oppsamling, innsamling, transport og handsaming av hushaldsavfall i kommunane som er deltakarar i Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (NGIR).

Forskrifta sitt føremål er å sikra at oppsamling, innsamling, transport og handsaming av hushaldsavfall vert gjort på miljømessig, helsemessig og økonomisk forsvarleg vis.

Forskrifta skal hjelpa til å gjennomføra og overhalda dei pliktar som kommunane er pålagt i lov, irekna innkrevjing av renovasjonsgebyr.

Forskrifta gjeld for det ansvarsområdet der kommunane er tildelt forureiningsmynde etter forureiningslova med tanke på hushaldsavfall.

§ 2 Avgrensingar – næringsavfall

Forskrifta gjeld ikkje for næringsavfall. Den som har næringsavfall, har sjølv ansvaret for at avfallet vert levert til godkjend mottak.

§ 3 Delegering

Kommunane som er deltakarar i NGIR er forureiningsmynde for det ansvarsområdet som forskrifta gjeld for.

Kommunane som er deltakarar i NGIR kan delegere mynde til NGIR til å gjennomføra forskrifta sin bestemmingar og føremål, kor slikt mynde ikkje fylgjer av forskrifta. Kommunane kan også delegere mynde til NGIR til å treffa enkeltvedtak, jf. Forureiningslova § 83.

§ 4 Definisjonar

Abonment: Eigar, festar eller heimelshavar til bueining som vert omfatta av renovasjonsordninga.

Avfall: Kasserte lausøyregjenstandar eller stoff, jf. forureiningslova § 27.

Avfallsmottak: Gjenvinningsstasjon/-anlegg, eller anna godkjend mottak for avfall, både betente og ubetente.

Bueining: Permanent oppsett byggverk som gjev rom for kvile og matstell, eller som har hatt funksjon som bueining i minst tre månadar, irekna burettslagsleilegheit, hybel, hytte, fritidseigedom, varig oppsett campingvogn eller liknande innretning, til dømes bubil, brakke, telt, husbåt mv.

Bustad: Ein kvar bueining som er bygd, ombygd, godkjend eller for øvrig vert nytta som privat heilårsbustad. Ein bustad kan innehalda fleire bueiningar.

Farleg avfall: Avfall som ikkje føremålstenleg kan handsamast saman med anna hushaldsavfall eller næringsavfall fordi det kan føra til alvorleg forureining eller fare for skade på menneske, dyr eller miljø.

Fellesbeholdar: Ein oppsamlingseining som vert stilt til rådvelde for meir enn ein abonnent eller kunde.

Fraksjon: Einsarta del av avfallet, til dømes glas, papir, papp, våtorganisk avfall mv.

Fritidsbustad Ein kvar bueining som ikkje er bygd, ombygd, godkjend eller kan nyttast som heilårsbustad. En fritidseigedom kan innehalda fleire bueiningar.

Gjenvinningsstasjon: Stad som er tilrettelagd for mottak av visse delar av hushaldsavfallet, som på grunn av storleik, type eller mengd ikkje kan eller skal leverast i oppsamlingseining.

Hentestad: Stad der oppsamlingseiningar vert plassert for tømning og/eller henting på tømmedag.

Heimekompostering: Ei ordning der abonnenten inngår ein skriftleg avtale med NGIR om at abonnenten sjølv vil gjenvinna ein nærare spesifisert del av hushaldsavfallet.

Hushaldsavfall: Alt avfall frå bueiningar, irekna større gjenstandar som inventar og liknande.

Hytte: sjå «Fritidseigedom»

Innsamling: Arbeidet renovatøren utfører med å henta avfallet på hentestaden.

Kjeldesortering: Å skilja avfallet i ulike fraksjoner etterkvart som avfallet oppstår.

Køyreveg: Ein veg der renovasjonsbilen kan ta seg fram på ein lovleg og forsvarleg vis.

Kunde: Ein kvar som leverer eller etterlet hushaldsavfall til avfallsmottak eller oppsamlingseining. Kunden kan vera leigetakar hjå abonnent eller på annan vis disponera oppsamlingseining på vegne av abonnent.

NGIR: Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS

Næringsavfall: Avfall frå offentleg eller privat verksemd, irekna mellom anna organisasjonar, foreiningar, landbrukseigedom og institusjonar. Burettslag og verksemder som eig bueiningar og driv utleige av bueining(ar) vert omfatta av denne forskrifta.

Oppsamlingseining: Alle behaldarar, sekker, konteinarar mv. som vert stilt til rådvelde for, og som er særskilt meint for bestemte abonnentar og kundar for oppsamling av avfall før innsamling og henting.

Oppstillingsplass: Plassen der oppsamlingseininga er plassert til dagleg, utanom tømmedag.

Privat åtkomstveg: Køyreveg som ikkje er offentleg veggrunn.

Renovatør: Personell i NGIR, eller person/verksemd som samlar inn og transporterar hushaldsavfallet på oppdrag for NGIR.

Restavfall: Det avfallet som ikkje kan gjenvinnast.

Transportveg: Grunnen der renovatøren manuelt skal transportera oppsamlingseining frå hentestad til renovatøren sitt køyretøy.

Tømmedag: Den vekedagen hushaldsavfallet vert samla inn frå oppsamlingseiningane

KAPITTEL 2 KOMMUNEN SITT ANSVAR OG KOMMUNEN SINE PLIKTAR

§ 5 Tvungen renovasjon

Alle bueiningar som fell inn under forskrifta sitt verkeområde vert omfatta av renovasjonsordninga og er forplikta etter forskrifta.

Kommunane som er deltakarar i NGIR gjev gjennom forskrifta NGIR einerett på innsamling og handsaming av hushaldsavfall innanfor forskrifta sitt verkeområde. NGIR kan tildela heile eller delar av eineretten til eventuelle dotterselskap.

Utan samtykke frå NGIR kan ingen andre samla inn eller handsama hushaldsavfall.

NGIR avgjer innanfor forureiningsregelverket kva som skal reknast som hushaldsavfall, og kan fastsetja nærare retningsliner for kva som vert rekna som hushaldsavfall.

§ 6 NGIR sine pliktar og ansvar for renovasjonen

NGIR skal syta for at det vert stilt til rådvelde dei oppsamlingseiningar som NGIR til ei kvar tid finn naudsynt for å sikra forsvarleg oppsamling, innsamling, transport og handsaming av hushaldsavfall.

Hushaldsavfallet skal samlast inn med dei intervall som NGIR bestemmer. Intervalla kan fråvikast ved bevegelege heilag dagar, streik, force majeure og der ekstraordinære omstende tilseier det.

NGIR skal kunngjera og gje informasjon om henteintervall og endringar i desse. NGIR pliktar å informera abonnentar om endringar i renovasjonsordninga.

Renovatøren har rett til å utsetja innsamling av hushaldsavfall viss dette ikkje kan gjerast forsvarleg. Viss renovatøren utsett innsamlinga som følgje av at det ikkje er forsvarleg, skal NGIR avhjelpa situasjonen innan rimeleg tid.

NGIR kan påleggja fleire bueiningar å nytta fellesbeholdarar. NGIR bestemmer kva type behaldarar og plasseringa av fellesbeholdarane.

Fleire bueiningar kan i fellesskap søkja NGIR om å nytta fellesbeholdarar.

NGIR kan gje rettleiing og retningsliner, eller inngå avtalar for nærare å angje bruk og ansvarsforhold vedrørande oppsamlingseiningar.

NGIR skal gje informasjon om plikt til og moglegheit for kjeldesortering og heimekompostering, og om bruk av dei ulike avfallsløysingane.

NGIR kan utarbeida og endra rettleiarar og retningsliner med presisering og nærare utgreiing for forskrifta sine bestemmingar.

NGIR kan innanfor rammene av forureiningsregelverket endra renovasjonsordninga.

KAPITTEL 3 ABONNENTEN OG KUNDEN SINE PLIKTAR

§ 7 Generelle pliktar

Abonnent/kunde pliktar å bruka NGIR si renovasjonsordning for oppsamling, innsamling, transport og handsaming av hushaldsavfall.

Abonnent er ansvarleg for at forskrifta, irekna rettleiarar og retningsliner gjeve med heimel i forskrifta, vert fylgt, og er økonomisk ansvarleg overfor NGIR og kommunane.

Abbonent/kunde pliktar skriftleg å melda endringar og andre forhold som har noko å seia for abonnent- eller kundeforholdet. Abonnent/kunde pliktar å opplysa om talet bueiningar som er, eller skal vera, knytt til renovasjonsordninga.

Abbonent/kunde pliktar å sortera avfallet slik NGIR til ei kvar tid bestemmer, og i samsvar med den til ei kvar tid gjeldande renovasjonsordning.

Abbonent/kunde pliktar å levera avfall som ikkje skal eller kan leggjast i oppsamlingseining til godkjent avfallsmottak.

§ 8 Bruk av og ansvar for oppsamlingseiningar

Det skal berre nyttast oppsamlingseiningar som er utlevert/utplassert av NGIR. Oppsamlingseiningane er registrert på bueining og skal ikkje flyttast ved eigarskifte, endring i festeforhold o.l.

Abbonent/kunde er ansvarleg for at plassering og bruk av oppsamlingseining skjer i samsvar med forskrifta, irekna rettleiar og retningslinjer gjeve med heimel i forskrifta.

Abbonent/kunde er ansvarleg for at oppsamlingseining er sett fram til hentestad på tømmedag til rett tid, , for å ha rett til innsamling. Abonnent/ kunde må innretta seg etter endring av hentestad.

Oppsamlingseining skal utanom tømmedag vera plassert på oppstillingsplass. Oppsamlingseining skal setjast tilbake på oppstillingsplass same dag som tømming finn stad. Oppsamlingseining skal ikkje vera plassert på fortau eller offentleg veggrunn utanom tømmedag.

Abbonent/kunde er ansvarleg for at oppsamlingseining vert plassert på hentestad i samsvar med føringar frå NGIR.]

Abbonent/kunde pliktar å syta for at oppsamlingseining ikkje fører til skade eller sjenanse for sine omgjevnader.

Abbonent er økonomisk ansvarleg for oppsamlingseining som forsvinn eller vert øydelagd utover normal slitasje, og tap som følgje av aklaus bruk.

Abbonent pliktar å melda frå til NGIR viss oppsamlingseining vert skada, vert øydelagd, forsvinn, eller det av anna årsak er trong for vedlikehald/utskifting.

Oppsamlingseining skal berre nyttast til den typen avfall oppsamlingseininga er meint for, og loket skal kunne lukkast heilt igjen til ei kvar tid.

Fellesbeholdarar for fritidseigedommar skal ikkje nyttast av fastbuande. NGIR kan bestemma at fritidseigedommar skal nytta ein eller fleire bestemte fellesbeholdarar.

KAPITTEL 4 TEKNISKE BESTEMMINGAR MV.

§ 9 Alternative oppsamlingsordningar

Der forholda ligg til rette for det og NGIR finn det føremålstenleg, kan det etablerast alternative oppsamlingsordningar for hushaldsavfall. Dette omfattar mellom anna nedgravne løysningar for oppsamling.

NGIR kan både tillata og påleggja etablering av eller tilkopling til nedgravne oppsamlingseiningar og andre alternative oppsamlingsordningar. Slike løysningar kan berre etablerast og nyttast i samarbeid med og etter samtykke frå NGIR. NGIR kan ikkje påleggja etablering av alternative oppsamlingsordningar viss dette vert urimeleg tyngjande for abonnent/kunde.

Viss ei alternativ oppsamlingsordning er eigd av abonnent/kunde, pliktar abonnent/kunde å syta for naudsynt oppgradering og vedlikehald. Den alternative oppsamlingsordninga må vera tilpassa NGIR si renovasjonsordning, og NGIR kan påleggja utskifting av alternative oppsamlingsordningar, med mindre dette vert ei urimeleg byrde for abonnent/kunde.

Alternative oppsamlingsordningar i privat eige skal driftast og nyttast slik at NGIR si innsamling av hushaldsavfall kan gjennomførast utan at det oppstår unødige driftsmessige hindringar eller stans.

Forskrifta §§ 7, 8 og 10 gjeld så langt dei passar for alternative oppsamlingsordningar.

NGIR kan gje nærare retningslinjer og vilkår for alternative oppsamlingsordningar.

§ 10 Krav til veg og hentestad

Hentestaden skal som hovudregel vera ved køyreveg. NGIR har rett til å fastsetja hentestaden og kan krevja endring av hentestaden dersom NGIR finn dette naudsynt. NGIR kan akseptere hentestad som ikkje ligg ved køyreveg etter nærare vurdering i det enkelte tilfellet.

Ved bruk av private åtkomstvegar kan NGIR krevja at det vert inngått skriftleg avtale om rett til å nytta den private vegen for innsamling av hushaldsavfall. Avtalen vert inngått mellom NGIR og vegeigar(ar).

Private åtkomstvegar skal ha ein standard som inneber at renovatør på forsvarleg og føremålsteneleg vis kan komma fram til hentestaden med dei køyretøy som renovatøren nyttar.

Privat åtkomstveg/hentestad skal gje moglegheit for å snu med større køyretøy på forsvarleg og rasjonelt vis, og for øvrig sikra ei forsvarleg og hensiktsmessig innsamling.

Viss det ikkje vert inngått avtale om rett til å nytta privat veg, kan NGIR påleggja abonnent/kunde å nytta hentestad som ikkje forutset at NGIR har åtkomst på privat veg. Hentestaden skal kunne betenast med dei køyretøy som renovatøren nyttar.

NGIR kan gje nærare retningslinjer for krav til privat åtkomstveg, hentestad og transportveg frå hentestad til renovatøren sitt køyretøy.

§ 11 Avfallsmottak

NGIR kan bestemma at abonnent/kunde pliktar å kjeldesortera avfall og levera fraksjoner til relevante gjenvinningsstasjonar og avfallsmottak. Omfang, henterutinar, leveringsmåte mv. vert fastsett av NGIR og kunngjort på formålstenleg vis.

Hushaldsavfall som på grunn av mengde, storleik eller form ikkje kan eller skal plasserast i oppsamlingseining, skal leverast til godkjend avfallsmottak. Abonnent/kunde er ansvarleg for kostnad med slik levering.

Farleg avfall skal leverast til avfallsmottak godkjend for slikt avfall, eller i samsvar med andre mottaksordningar som NGIR bestemmer og tilviser.

§ 12 Planarbeid

NGIR skal ha høve til å gje uttale til planforslag etter plan- og bygningslovgjevinga i samband med offentleg handsaming og før endeleg offentleg vedtak vert treft.

NGIR kan gje nærare retningsliner om kva opplysningar planen sin forslagsstillar skal gje til NGIR, slik at NGIR kan gje uttale om relevante forhold knytt til renovasjon.

KAPITTEL 5 GEBYR OG BETALING

§ 13 Renovasjonsgebyr

Renovasjonsgebyret vert fastsett årleg av kommunen i eige gebyrvedtak etter innstilling frå representantskapet i NGIR. Renovasjonsgebyret skal dekkja alle NGIR sine kostadar i samband med oppsamling, innsamling, transport og handsaming av hushaldsavfall.

Gebyrsatsane kan differensierast for å fremja avfallsreduksjon, kjeldesortering og gjenvinning. Differensiering kan skje på bakgrunn av avfallsmengd, avfallstypar, materialgjenvinning mv.

§ 14 Kven som skal betala renovasjonsgebyr

Renovasjonsgebyret skal betalast av abonnenten. Viss ein grunneigedom vert bortfesta for meir enn 30 år, er festaren ansvarleg for betaling av renovasjonsgebyret, med mindre anna er særskilt avtala med NGIR i det enkelte tilfellet. Det same gjeld viss festeavtalen vert forlenga slik at samla festetid går utover 30 år.

Nye abonnentar pliktar å betala renovasjonsgebyr frå den 1. i månaden etter at bueininga vart omfatta av forskrifta. For nye abonnentar som vert omfatta av forskrifta etter vedtak med heimel i plan- og bygningslova, gjeld gebyrplikta den 1. i månaden etter vedtak om mellombels bruksløyve eller ferdigattest, eller anna relevant vedtak, vart treft av kommunen.

Ved endringar i abonnement, til dømes ved eigarskifte, fråflytting, rivning, brann mv., gjeld eventuelt nytt renovasjonsgebyr frå den 1. i månaden etter at NGIR fekk melding om endring, eller NGIR har treft vedtak om endring i abonnement, med mindre anna går fram av vedtaket frå NGIR.

Viss abonnent/kunde har gjeve uriktige eller mangelfulle opplysningar til NGIR som har ført til at abonnent/kunde har betalt for lite gebyr, kan NGIR krevja etterbetaling av gebyr frå og med det tidspunkt NGIR med rimelegheit kan etablere at abonnent/kunde skulle ha betalt høgare gebyr.

Eventuelt gebyr for levering av avfall ved avfallsmottak vert fastsett i samsvar med § 13, og vert offentleggjort på formålstenleg vis.

§ 15 Innkrevjing

NGIR krev inn renovasjonsgebyr for oppsamling, innsamling, transport og handsaming av hushaldsavfall, med mindre den enkelte kommune har vedteke anna.

Renovasjonsgebyret er sikra med legalpant etter Lov om pant § 6-1. Lov om eigedomsskatt § 25, 3. ledd, §§ 26 og 27 gjeld tilsvarande for oppgjer og innkreving av renovasjonsgebyret.

KAPITTEL 6 ADMINISTRATIVE BESTEMMINGAR

§ 16 Dispensasjon

NGIR kan etter skriftleg søknad gje dispensasjon frå forskrifta, irekna renovasjonsordninga og plikta til å betala renovasjonsgebyr, gjeve at krava i forureiningslova §§ 7 og 28 er oppfylte. Det kan gjevast vilkår for dispensasjonen.

NGIR kan gje nærare retningsliner for å gje dispensasjon.

Abonnenten pliktar å informera NGIR viss grunnlaget for dispensasjon vert endra.

§ 17 Kontroll

NGIR kan foreta kontroll og gransking for sikra korrekt oppfølging og gjennomføring av § 16, og elles for å sikra korrekt betaling av renovasjonsgebyr.

Framgangsmåten ved kontroll skal følgje forvaltningslova § 15, med mindre heimel for anna ligg føre.

NGIR kan kontrollere oppsamlingseiningar, hentestedar, avfallsmottak og gjenvinningsstasjonar, for misbruk og forsøpling.

Ved levering av avfall til avfallsmottak, kan NGIR krevja dokumentasjon på at avfallet er hushaldsavfall, og kan foreta kontroll av opplysningar og dokumentasjon i samband med dette.

§ 18 Pålegg og sanksjonar

NGIR kan påleggja abonnent/kunde om å auka oppsamlingsvolumet eller talet på oppsamlingseiningar, viss NGIR vurderer dette som naudsynt for å sikra at avfallet vert sortert, oppbevart eller disponert på formålstenleg vis. Abbonenten er økonomisk ansvarleg for slik auking i volum eller endring i talet på oppsamlingseiningar.

NGIR kan påleggja ekstra innsamling av avfall som ikkje er sortert i samsvar med den til ei kvar tid gjeldande renovasjonsordning. Abbonenten er økonomisk ansvarleg for slik ekstra innsamling.

Forsettleg eller uaktsamt brot på forskrifta kan straffast med bøter, jf. forureiningslova § 79.

§ 19 Klage

Forvaltningslova sine regler gjeld for handsaming av saker etter denne forskrifta.

Enkeltvedtak treft med heimel i denne forskrifta kan klagast på, jf. forureiningslova § 85.

Enkeltvedtak treft av NGIR kan klagast på til særskild klagenemnd for NGIR, jf. forvaltningslova § 28, 2. ledd, 2. punktum. Vedtak i den særskilde klagenemnda er endelege.

§ 20 Ikraftsetjing

Denne forskrifta trer i kraft [dato]..

Frå same tidspunkt vert «Forskrift for innsamling av forbruksavfall» oppheva, vedteke av dåverande deltakarkommunar i NGIR som følger (dato for vedtaket i parentes):

Austrheim kommune	(28.06.2000)
Fedje kommune	(05.10.2000)
Gulen kommune	(22.06.2000)
Lindås kommune	(22.06.2000)
Masfjorden kommune	(07.09.2000)
Meland kommune	(14.06.2000)
Modalen kommune	(25.05.2000)
Radøy kommune	(29.06.2000)
Solund kommune	(19.06.2000)

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
050/21	Formannskapet	PS	06.05.2021
033/21	Kommunestyret	PS	20.05.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Christopher Marius Straumøy	FA-U64	21/319

Rongevær Kurs- og fritidssenter - Leigeavtale mellom Austrheim Kommune og Bergen og Hordaland Turlag

Vedlegg

3. Utkast til leigeavtale

Leigeavtale mellom Austrheim Kommune og Bergen og Hordaland Turlag

Framlegg til vedtak:

Rongevær Kurs- og fritidssenter - Leigeavtale mellom Austrheim Kommune og Bergen og Hordaland Turlag vert inngått for 40 år i samsvar med vedlagt avtale.

Formannskapet - 050/21 - 06.05.2021

FS - behandling:

Avdelingsleiar plan Asbjørn Toft orienterte om saka.

- Bergen og Hordaland turlag er begeistra for Rongevær, satsar på dette, kanskje også Bømlo.
- Kort veg frå Baløy og over. Kan bygga seg naust i Baløy for kajakkar eller anna. Vil ha gode robåtar tilgjengeleg.
- Som eigar har kommunen 40 års perspektiv på dette, men Bergen og Hordaland turlag vil ha moglegheit til reforhandling dersom interessa for anlegget ikkje er så stor.
- Dette vil setja Austrheim og Nordhordland på kartet med ei slik turlagshytte.

Per Lerøy (Ap) sa at det jamt over er begeistring for tilbodet. Det som er sett av som tid til skular, atten dagar og fire netter, det er dobbelt så mykje som bruken i dag, der 4. klasse har ei overnatting kvar.

Per Lerøy (Ap) sa at det bør vera årvisse møte mellom kommunen og turlaget, gjerne før sesongen startar på våren.

Inger Lise Brekke (H) sa at dette er heldig for kommunen, og innbyggjarane kan få eit tilbod som er betre enn dag. Bra om ein har eit årleg samarbeidsmøte der ein ser på om det er mogleg å få meir ut

av samarbeidet.

Anne Dahle Austrheim (KrF) sa at turlaget nok er ein betre forvaltar av eigedommen enn det Austrheim kommune har vore. Spurte om bruken på dag/ettermiddag og spurte om tidspunkt, her svara Asbjørn Toft at klokkesletta kan justerast.

Kommunalsjef service og fovalting, Thomas Lindås, sa at dette med årvisse møte kan ein få inn.

Reidar Øksnes (Sp) sa at dette er bra for å få liv igjen i Rongevær. Turlaget må gjere komma for å orientera i samband med årsmeldinga. Kva med klausular frå då skulehuset vart bygt? På det svara kommunalsjef Thomas Lindås at dei rettane som allereie er tinglyste går føre nye tinglyste rettar.

Anne Dahle Austrheim (KrF) spurte om tilgang til kjøkken. Her svara Asbjørn at planen til turlaget er å rusta opp bygget ved sjøen, slik at dette kan brukast av skular med meir. Er nok OK å justera tidspunkt til 20.00. Dette ser ein på før saka skal til kommunestyret.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Rongevær Kurs- og fritidssenter - Leigeavtale mellom Austrheim Kommune og Bergen og Hordaland Turlag vert inngått for 40 år i samsvar med vedlagt avtale.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Sidan hausten 2020 har kommunen vore i dialog med Bergen og Hordaland Turlag om overtaking av drift og utvikling av Rongevær Kurs- og fritidssenter gjennom langvarig leigeavtale. Dette har vorte drøfta med formannskapet ved fleire høve.

Bergen og Hordaland Turlag har allereie i år budsjettert med 1,9 millionar til tiltak ved Rongevær Kurs- og Fritidssenter. Dei har planar om å utvikle område og skape aktivitet i tråd med turlagets føremål for å skapa ei framtidretta turlagshytte på kysten. Det føreligg mellom anna planar om å oppgradera kaianlegg, byggje naust i tråd med reguleringsplan, oppgradering av Hovudhuset og utlegging av flytebrygge.

Vurdering

Avtalen vil leggje til rette for auka fritidsbruk for ålmenta av Rongevær Kurs- og fritidssenter. Dette er tatt inn som føremålet i avtalen.

Rådmannen meiner at synergieffekten av avtalen vil ha ein positiv effekt på fleire område i kommunen. Ei turisthytte ved kysten kan i større grad setje Austrheim på kartet. Det kan medføre auka turisme, og ein kan forvente auka omsetning i kommunen totalt.

Rådmannen vil peike på at Bergen og Hordaland Turlag har lang erfaring med tilsvarande prosjekt og

vrderast som ein særleg kompetent medkontrahent for å overta drifta av Rongevær Kurs- og fritidssenter.

Det skal leggast til rette for bruk på dagtid og overnatting. Bergen og Hordaland Turlag har forplikta seg til å halde området opent for ålmenta gjennom heile året.

Rådmannen meiner at avtalen har sikra årleg tilgong på området vederlagsfritt for 18 dagar mellom kl. 08.00-18.00 og 4 overnattingar. Dette vil sikra at skulane, ungdomsklubben mfl. har tilgong på området i tråd med dagens bruk. Kommunen vil ha moglegheit til å booke område før det blir lagt ut for ålmenta.

Kommunen tek ikkje på seg nokon økonomiske forpliktingar gjennom avtalen.

Avtalen skal skrivast på nynorsk med betre kart før saka skal opp i kommunestyret til endeleg avgjerd.

Rådmannen rår til at det vert inngått ein leigeavtale mellom Austrheim Kommune og Bergen og Hordaland Turlag for 40 år i samsvar med vedlagt avtale.

Konklusjon

Rongevær Kurs- og fritidssenter - Leigeavtale mellom Austrheim Kommune og Bergen og Hordaland Turlag vert inngått for 40 år i samsvar med vedlagt avtale.

Leieavtale vedrørende Rongevær kurs- og fritidssenter

1. AVTALENS PARTER

Utleier: Austrheim kommune
Adresse: Sætre marka 2, 5943 Austrheim

Org.nr.: 948 350 823

og

Leietaker: Bergen og Hordaland Turlag
Adresse: Tverrgaten 4, 5017 Bergen
Org.nr.: 956 386 977

2. LEIEOBJEKTET

Leieforholdet omfatter følgende eiendommer:

Kommune: Austrheim kommune

Kommunenr: 4632

Gårdsnummer: 164

Bruksnummer: 11 og 26

Gårdsnummer: 165

Deler av Bruksnummer: 54 og 56

Den nøyaktige angivelsen av eiendom på gnr. 164 bnr. 11 og bnr. 26 fremgår av bilag 1.

Den nøyaktige angivelsen av eiendom på gnr. 165 bnr. 54 og 56 fremgår av bilag 3 og 4.

Nåværende bygninger ligger alle på gnr. 164 bnr. 11 og fremgår av bilag 1. Hus A er ved sjøen, hus B er hovedhus/skolebygg og hus C er redskapshus.

3. AVTALENS FORMÅL OG INTENSJON

Avtalens formål er å legge til rette for økt fritidsbruk for ålmenta av Rongevær Kurs- og fritidssenter. Avtalen søker også å tilrettelegge for bruk og utleie av hele Rongevær Kurs- og Fritidssenter for større og mindre arrangementer.

Det skal tilrettelegges for bruk på dagtid med mulighet for overnatting. Området skal drives som en DNT-Hytte. Dette vurderst best gjennomført ved langvarig utleie av området fra kommunen til Bergen og Hordaland Turlag som har over 100 års erfaring med å tilrettelegge for et aktivt, enkelt og naturvennlig friluftsliv.

4. OMFANG OG BRUK

Leieavtalen innebærer at Bergen og Hordaland Turlag har eksklusiv bruksrett over hele eiendommen på gnr. 164 bnr. 11 og 26 (Nordra Kjerringa), jf. bilag 3 og 4.

Leieavtalen innebærer videre at leietaker har rettigheter på gnr. 165 bnr. 54 og 56, herunder å bygge naust/utstyrslager og flytebrygge for småbåter som spesifisert i bilag 1 og 2. Den nærmere angivelsen beskrives også i det følgende.

Bergen og Hordaland Turlag har rett til følgende:

- Foreta endringer på bygg og utearealer innenfor rammene av denne avtalen, plan- og bygningsloven og annet lovverk.
- Oppføring av kaianlegg på fastlandet med ca. 12 båtplasser og flytebrygge på gnr. 165 bnr. 56. Kaianlegget skal settes opp etter angivelsene på kart i bilag 2 og 3. Kai 1 skal være kai for lossing og lasting av folk og varer. Større og mindre båter skal kunne komme til kai 1. Kai 1 skal være åpen for allmenheten. Kai 2 skal være område for småbåthavn og flytebrygge for mindre båter.
- Bygge naust/utstyrslager på kommunal regulert tomt (Baløykalven) på gnr. 165 bnr. 54 i henhold til spesifikasjoner i kart som er inntatt i bilag 3 og 4. I henhold til reguleringsplanen i bilag 4, kan Bergen og Hordaland Turlag bygge naust/utstyrslager på område N3 på areal opptil 70 m² i tråd med reguleringsplanen på området.

Lag, foreninger og privatpersoner kan leie Rongevær Kurs- og Fritidssenter av Bergen og Hordaland Turlag til kurs, seminarer, festivaler og private arrangementer.

Austrheim kommune har rett til å leie området (unntatt hovedhuset) vederlagsfritt 18 dager pr år på dagtid fra kl. 08:00-18:00 i hverdager for skoleåret.

Austrheim kommune har også rett til å leie hovedhuset vederlagsfritt for 4 overnattinger pr år for kommunen, skuleklasser og ungdomsklubben i hverdager for skoleåret.

Austrheim kommune skal ha mulighet til å booke området før det legges ut til booking for publikum, ca 1. Desember hvert år. Etter dette må Austrheim kommune booke området på samme måte som publikum.

5. LEIEFORHOLDETS VARIGHET OG FORTRINNSRETT

Leieforholdet gjelder fra arealene er tatt i bruk av leietaker, senest 20. juni 2021, og løper i 40 år.

Leieperioden på 40 år gjelder for gnr. 164 bnr. 11 og 26 samt gnr. 165 bnr. 54 og 56.

Leieavtalen er uoppsigelig for Austrheim kommune, med unntak av vesentlig kontraktsbrudd fra Bergen og Hordaland Turlag.

Leieavtalen er uoppsigelig for Bergen og Hordaland Turlag de første 10 årene. Leieavtalen kan etter dette sies opp med minimum 2 års varsel.

Bergen og Hordaland Turlag har fortrinnsrett på en eventuell ny utleieperiode for området etter leieperioden.

Bergen og Hordaland Turlag har forkjøpsrett på gnr 164 bnr. 11 og bnr. 26 som fremgår av bilag og nausttomten på gnr. 165 bnr. 54 i leieperioden.

Tinglyste rettigheter som allerede ligger på eiendommene må respekteres.

Partene har rett til å reforhandle leieavtalen hvert 5. år.

6. LEIESUM

Leiesummen er avtalt til kr 0,- per år.

7. PARTENES PLIKTER OG RETTIGHETER

Austrheim kommune skal til avtalt tid stille leieobjektene til Bergen og Hordaland Turlags rådighet som avtalt.

Dersom Austrheim sine skoleklasser bruker området, er vasking og rydding Austrheim kommune sitt ansvar. Bruken skal for øvrig være i henhold til Bergen og Hordaland Turlags på enhver tid gjeldende retningslinjer.

Bergen og Hordaland Turlag har ansvaret for vedlikehold. Rongevær kurs- og fritidssenter skal vedlikeholdes på et normalt nivå. Ved utløpet av leieperioden skal eiendommen og dens bygniger leveres tilbake til utleier i minst samme standard som når leieavtalen ble inngått.

Bergen og Hordaland Turlag plikter å holde virksomheten åpen og i vanlig drift for allmennheten, med unntak av når midlertidig stenging er nødvendig.

Bergen og Hordaland Turlag kan ikke bruke området til annet formål enn avtalt.

Kulturhistoriske verdier i bygget skal tas vare på. Det omfatter også viktige arkitektoniske kvaliteter med skolebygget. Restaureringsprinsipper er retningsgivende for skolefasaden mot sørvest.

Investeringer gjort av Bergen og Hordaland Turlag etter leieperiodens start skal regnskapsføres og avskrives etter vanlig regnskapsskikk.

Hvis Bergen og Hordaland Turlag skulle opphøre som forening enten gjennom frivilling nedleggelse eller konkurs faller eventuelle investeringer gjort på området tilbake til Austrheim Kommune.

Bergen og Hordaland Turlag dekker utgiftene til nødvendig forsikring og kommunale avgifter i leieperioden. Leietaker bærer alle kostnader knyttet til leid område, også eventuelle framtidige offentlige avgifter.

All løsøre som befinner seg på leid område må under ingen omstendigheter kasseres uten skriftlig samtykke fra Austrheim Kommune. Løsøre som kommer i veien for leietaker må behandles på forsvarlig måte.

Avtalen gir ikke leier rett til å avhende sine rettigheter og plikter etter avtalen.

Bergen og Hordaland Turlag kan framleie området i tråd med avtalens formål og intensjoner ved saklig grunn.

Austrheim Kommune kan når som helst heve leiekontrakten dersom fremleier vesentlig misligholder kontrakten.

Hvis Austrheim kommune skulle gjennomgå en virksomhetsoverdragelse (Kommunesammenslåing) vil leieavtalen fortsatt være gyldig for den nye virksomheten.

Avtalen forutsetter godkjenning av Austrheim Kommunes kommunestyre.

8. TINGLYSING

Austrheim kommune plikter å tinglyse Bergen og Hordaland Turlags enerett og leierett på gnr. 164 bnr. 11/26 og gnr. 165 bnr. 54/56 senest 2 måneder etter avtaleinngåelsen.

9. TVISTER

9.1 RETTSVALG

Partene sine rettigheter og plikter etter denne avtalen blir i sin helhet fastsatt etter norsk rett.

9.2 FORHANDLINGER

Dersom det oppstår tvist mellom partene om tolkingen eller rettsvirkningene av avtalen, skal tvisten først søkest løst gjennom forhandlinger.

9.3 MEKLING

Dersom en tvist i tilknytning til denne avtalen ikke blir løst etter forhandlinger, kan partene forsøke å løse tvisten ved mekling.

Partane kan velge å legge Den Norske Advokatforening sine regler for mekling ved advokat til grunn, eventuelt modifisert slik partane ønsker. Det er forutsett at partene blir enige om en mekler med den kompetansen partene mener passer best ut fra tvisten.

Den nærmere framgangsmåten for mekling blir fastsatt av meklere, i samråd med partene.

9.4 DOMSTOLS- ELLER VOLDGIFTSBEHANDLING

Dersom en tvist ikke blir løst ved forhandlinger eller mekling, kan hver av partene forlange tvisten avgjort med endelig virkning ved norske domstoler.

Utleier sitt hjemting er verneeting.

Partene kan alternativt avtale at tvisten blir avgjort med endelig virkning ved voldgiftsdom.

10. UNDERSKRIFT

Denne avtale er utferdiget og undertegnet i 2 eksemplarer hvorav utleier og leietaker har hver sitt.

Bergen, den _____

Austrheim kommune

Bergen og Hordaland Turlag

11. BILAG

Utformingen av bilagene er tentative og, og nærmere justering gjøres ved behov i samarbeid mellom partene.

BILAG 1



Senterposisjon: -52994.11, 6785067.94
Koordinatsystem: EPSG:25833
Utskriftsdato: 15.03.2021

0 5 10 15 20m


Kartverket

Hus A er ved sjøen

Hus B er hovedhuset/skolebygget

Hus C er redskapshus

BILAG 2



Senterposisjon: -52954.12, 6784791.87
Koordinatsystem: EPSG:25833
Utskriftsdato: 15.03.2021

0 20 40 60 80m



1. Rongevær kurs- og fritidssenter 2. Flytebrygge for småbåter 3. Naust/redskapshus

Kai 1 skal være kai for lossing og lasting av folk og varer.

Større og mindre båter skal kunne komme til kai 1.

Kai 2 skal være område for småbåthavn og flytebrygge for mindre båter.

BILAG 3




Naust/utstyrslager på regulert tomt på Baløykalven (gnr. 165 bnr. 54)



Flytebrygge med plass til 12 småbåter (gnr. 165 bnr. 56)

BILAG 4



Vedrørende naust/utstyrslager på regulert tomt på Baløykalven (gnr. 165 bnr. 54), kan Bergen og Hordaland Turlag bygge på område N3.

(Den 06.04.2011 ble reguleringsplanen godkjent i kommunestyret i Austrheim).

Leigeavtale vedrørende Rongevær kurs- og fritidssenter

1. AVTALEN SINE PARTAR

Utleigar:

Austrheim kommune

Adresse: Sætremarka 2, 5943 Austrheim

Org.nr.: 948 350 823

og

Leigetaker:

Bergen og Hordaland Turlag

Adresse: Tverrgaten 4, 5017 Bergen

Org.nr.: 956 386 977

2. LEIGEOBJEKTET

Leigetilhøvet omfattar følgjande eigedommer:

Kommune: Austrheim kommune

Kommunenr: 4632

Gardsnummer: 164

Bruksnummer: 11 og 26

Gardsnummer: 165

Delar av Bruksnummer: 54 og 56

Den nøyaktige staden på eigedomen på gnr. 164 bnr. 11 og bnr. 26 framgår av bilag 1.

Den nøyaktige staden på eigedomen på gnr. 165 bnr. 54 og 56 framgår av bilag 3 og 4.

Noverende bygningar ligg alle på gnr. 164 bnr. 11 og framgår av bilag 1. Hus A er ved sjøen, hus B er hovudhus/skulebygg og hus C er reiskapshus.

3. AVTALEN SITT FORMÅL OG INTENSJON

Avtalen sitt formål er å leggja til rette for aukt fritidsbruk for ålmenta av Rongevær Kurs- og fritidssenter. Avtalen har som formål å tilretteleggja for bruk og utleige av heile Rongevær Kurs- og Fritidssenter for større og mindre arrangement.

Det skal tilretteleggjast for bruk på dagtid der det er mogeleg for overnatting. Området skal drivast som ei DNT-Hytte. Det er vurdert som ei god løysing at dette vert gjennomført ved langvarig utleige av området frå kommunen til Bergen og Hordaland Turlag som har over 100 års erfaring med å tilretteleggja for eit aktivt, enkelt og naturvennleg friluftsliv.

4. OMFANG OG BRUK

Leigeavtalen inneber at Bergen og Hordaland Turlag har eksklusiv bruksrett over heile eigedommen på gnr. 164 bnr. 11 og 26 (Nordra Kjerringa), jf. bilag 3 og 4.

Leigeavtalen inneber vidare at leigetakar har rettar på gnr. 165 bnr. 54 og 56, herunder å byggja naust/utstyrlager og flytebrygge for småbåtar som spesifisert i bilag 1 og 2.

Bergen og Hordaland Turlag har rett til følgjande:

- Føreta endringer på bygg og uteareal innanfor rammene av denne avtalen, plan- og bygningslova og anna lovverk.
- Oppføring av kaianlegg på fastlandet med ca. 12 båt plassar i ei flytebryggje på gnr. 165 bnr. 56. Kaianlegget skal setjast opp på stad merka av på kart i bilag 2 og 3. Kai 1 skal vera kai for lossing og lasting av folk og varer. Større og mindre båtar skal kunna koma til kai 1. Kai 1 skal vera open for ålmenta. Kai 2 skal vera område for småbåthamn og flytebryggje for mindre båtar.
- Byggja naust/utstyrs lager på kommunal regulert tomt (Baløykalven) på gnr. 165 bnr. 54 i tråd med spesifikasjonar i kart som er teke med i bilag 3 og 4. I tråd med reguleringsplanen i bilag 4, kan Bergen og Hordaland Turlag byggja naust/utstyrs lager på område N3. Naustet kan byggjast med eit bruksareal opptil 70 m² i tråd med reguleringsplanen på området.

Lag, foreningar og privatpersonar kan leiga Rongevær Kurs- og Fritidssenter av Bergen og Hordaland Turlag til kurs, seminar, festivalar og private arrangement.

Austrheim kommune har rett til å leiga området (utanom hovudhuset) vederlagsfritt 18 dagar pr år på dagtid frå kl. 08:00-19:00 i kvardager for skuleåret.

Austrheim kommune har også rett til å leiga hovudhuset vederlagsfritt for 4 overnattingar pr år for kommunen, skuleklassar og ungdomsklubben i kvardager i skuleåret.

Austrheim kommune skal ha moglegheit til å tinga plass før området vert lagt ut til booking for publikum, det skjer ca 1. desember kvart år. Etter dette må Austrheim kommune tinga bruk av området på same måte som publikum.

5. LEIGETILHØVET SIN PERIODE OG FORTRINNSRETT

Leigetilhøvet gjeld frå areala er teke i bruk av leigetakar, seinast 20. juni 2021, og varer i 40 år.

Leieperioden på 40 år gjeld for gnr. 164 bnr. 11 og 26 og for gnr. 165 bnr. 54 og 56.

Leigeavtalen er uoppsigeleg for Austrheim kommune, med unntak av vesentleg kontraktsbrot frå Bergen og Hordaland Turlag.

Leigeavtalen er uoppsigeleg for Bergen og Hordaland Turlag dei første 10 åra. Leigeavtalen kan etter dette seiast opp med minimum 2 års varsel.

Bergen og Hordaland Turlag har fortrinnsrett på ein eventuell ny utleigeperiode for området etter leigeperioden.

Bergen og Hordaland Turlag har forkjopsrett på gnr 164 bnr. 11 og bnr. 26 som framgår av bilag og nausttomten på gnr. 165 bnr. 54 i leigeprosjektet.

Tinglyste rettar som alt ligg på eigedomane må respekterast.

Partane har rett til å reforhandle leigeavtalen kvart 5. år.

6. LEIGESUM

Leiesummen er avtalt til kr 0,- per år.

7. PARTENE SINE PLIKTAR OG RETTAR

Austrheim kommune skal til avtalt tid stilla leigeobjekta til Bergen og Hordaland Turlags rådigheit som avtalt.

Det skal vera eit årleg møte mellom partane der ein kjem med nyttige råd og viktig informasjon/innspeil til kvarandre. Austrheim kommune inviterer til eit slik årleg møte.

Dersom Austrheim sine skuleklassar brukar området, er vasking og rydding Austrheim kommune sitt ansvar. Bruken skal vera i tråd med Bergen og Hordaland Turlag sine gjeldande retningslinjer.

Bergen og Hordaland Turlag har ansvaret for vedlikehald. Rongevær kurs- og fritidssenter skal vedlikehaldast på eit normalt nivå. Ved utløpet av leigeperioden skal eigedomane og bygnigane leverast tilbake til utleigar i minst same standard som når leigeavtalen vart inngått.

Bergen og Hordaland Turlag pliktar å halde verksemda open og i vanleg drift for ålmenta, med unntak av når mellombels stenging er naudsynt.

Bergen og Hordaland Turlag kan ikkje bruka området til anna formål enn avtalt.

Kulturhistoriske verdiar i skulebygget skal takast vare på. Det omfattar også viktige arkitektoniske kvalitetar med skulebygget. Restaureringsprinsipp er retningsgjevande for skulefasaden mot sørvest.

Investeringar gjort av Bergen og Hordaland Turlag etter leigeperioden sin start skal regnskapsførast og avskrivast etter vanleg regnskapsskikk.

Om Bergen og Hordaland Turlag skulle opphøyra som forening gjennom friviljug nedlegging eller konkurs fell eventuelle investeringar gjort på området tilbake til Austrheim Kommune.

Bergen og Hordaland Turlag dekkar utgiftene til naudsynt forsikring og kommunale avgifter i leigeperioden. Leigetaker ber alle kostnader knyttet til leigd område, også eventuelle framtidige offentlege avgifter.

All lausøyre på leigd område må under ingen omstende kasserast utan skriftleg samtykke frå Austrheim Kommune. Lausøyre som kjem i vegen for leigetakar må handsamast på forsvarleg måte.

Avtalen gjev ikkje leigar rett til å avhenda sine rettar og pliktar etter avtalen.

Bergen og Hordaland Turlag kan framleiga området i tråd med avtalen sitt formål og intensjonar ved sakleg grunn.

Austrheim Kommune kan når som helst heva leigekontrakten dersom framleigar vesentleg mislegheld kontrakten.

Om Austrheim kommune skulle gjennomgå ei verksemdoverdraging (kommunesamanslåing) vil leigeavtalen fortsatt vera gyldig for den nye verksemda.

Avtalen forutset godkjenning av Austrheim Kommune sitt kommunestyre.

8. TINGLYSING

Austrheim kommune pliktar å tinglysa Bergen og Hordaland Turlags einerett og leigerett på gnr. 164 bnr. 11/26 og gnr. 165 bnr. 54/56 seinest 2 månedar etter avtalen vert inngått.

9. TVISTAR

9.1 RETTSVAL

Partene sine rettar og pliktar etter denne avtalen vert i sin heilskap fastsatt etter norsk rett.

9.2 FORHANDLINGAR

Dersom det oppstår tvist mellom partane om tolkingen eller rettsverknadar av avtalen, skal tvisten først verta søkt løyst gjennom forhandlingar.

9.3 MEKLING

Dersom ein tvist i tilknytning til denne avtalen ikkje vert løyst etter forhandlingar, kan partane forsøka å løysa tvisten ved mekling.

Partane kan velja å leggja Den Norske Advokatforening sine reglar for mekling ved advokat til grunn, eventuelt tilpassa slik partane ynskjer. Det er forutsett at partane vert samde om ein meklar med den kompetansen partane meiner passar best ut frå tvisten.

Den nærmare framgangsmåten for mekling vert fastsatt av meklaren, i samråd med partane.

9.4 DOMSTOLS- ELLER VOLDGIFTSHANDSAMING

Dersom ein tvist ikkje vert løyst ved forhandlingar eller mekling, kan kvar av partane forlanga tvisten avgjort med endeleg verknad ved norske domstolar.

Utleigar sitt heimting er verneting.

Partene kan alternativt avtale at tvisten vert avgjort med endeleg verknad ved voldgiftsdom.

10. UNDERSKRIFT

Denne avtale er utferdiga og underteikna i 2 eksemplar der utleigar og leigetakar har kvar sitt.

Bergen, den _____

Austrheim kommune

Bergen og Hordaland Turlag

11. BILAG

Utforminga av bilaga er tentative, nærmare justering vert gjort ved behov i samarbeid mellom partane.

BILAG 1

Hus A er ved sjøen Hus B er hovudhuset/skulebygget Hus C er reiskapshus




Senterposisjon: -52994.11, 6785067.94
Koordinatsystem: EPSG:25833
Utskriftsdato: 15.03.2021

0 5 10 15 20m

Kartverket

BILAG 2



1. Rongevær kurs- og fritidssenter 2. Flytebrygge for småbåter 3. Naust/reiskapshus

Kai 1 skal vera kai for lossing og lasting av folk og varer.

Større og mindre båtar skal kunna koma til kai 1.

Kai 2 skal vera område for småbåthamn og flytebryggje for mindre båtar.

BILAG 3




Naust/utstyrslager på regulert tomt
(gnr. 165 bnr. 54)



Flytebrygge med plass til 12 småbåter Baløykalven
(gnr. 165 bnr. 56)

BILAG 4



Vedrørende naust/utstyrslager på regulert tomt på Baløykalven (gnr. 165 bnr. 54), kan Bergen og Hordaland Turlag byggja dette bygget på område N3.

(Den 06.04.2011 vart denne reguleringsplanen godkjent i kommunestyret i Austrheim).

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
054/21	Formannskapet	PS	06.05.2021
034/21	Kommunestyret	PS	20.05.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Odd Harald Dommersnes	FE-212	21/371

Rekneskap fyrste kvartal 2021

Framlegg til vedtak:

1. Kommunestyre tar tertialrapporten til vitande

Formannskapet - 054/21 - 06.05.2021

FS - behandling:

Kommunalsjef økonomi og personal, Odd Harald Dommersnes, orienterte om saka.

- Det som ikkje viser i tala enno, er at sjukefråværet er høgt innan Helse og omsorg, her kjem det auka kostnader etter kvart.
- Legekontoret, her er det ein del som må rettast med øydelagt utstyr, må få på plass ultralydapparat, og legebil kjem på plass no i år etter krav som kom i 2015.
- Avviket på rådmannsposten skuldast medlemsutgifter til NUI og regionrådet.
- Må ta fatt i dette med sjukefråværet, det vil avgjera om ein har pluss eller minus i år.

Det ligg 5 millionar i budsjett 2021 frå Mongstad Vekst AS. Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at selskapet har kring 10 millionar i banken pluss eigedommar bokført til 4,4 millionar. Har nokre forplikningar på Mongstad Sør. Selskapet skal oppløysast, ein skal selja eit bustadhus på Hope, og har avtale om å selja jorda på denne eigedommen. Resten er nærings eigedommar som er i ferd med å bli ferdig regulerte. Det er spennande ting på gang på Mongstad, jobbar med søknad om 50 millionar som skal gje prosjektering av energitunnel frå raffineriet til Mongstad Sør. Om dette kjem på plass vil eigedommane til Mongstad Vekst bli ettertrakta. Batterifabrikk er framleis aktuelt, med andre

eigarar, Hydrogenfabrikk er aktuelt, det vil utløysa smoltanlegg og oppdrettsanlegg på land. Odd Harald Dommersnes sa at det ein må vera merksam på at ein kanskje ikkje får desse pengane frå Mongstad vekst i år. På det positive ser ein at utbyttet frå BKK blir nesten to millionar meir enn den halve millionen som er lagt inn, og Havbruksfondet ser ut til å gje ein million meir. Reidar Øksnes (Sp) sa at skatteinngangen kan vera høg i både 2021 og 2022, først ved etterslep Korona og så revisjonsstansen som ein skal ha på Equinor i 2022. Per Lerøy (Ap) sa at det kjem nye prosjekt, som veg over Radøy og hydrogenfabrikk-prosjekt som vil gje stor aktivitet lokalt under utbygginga. Inger Lise Brekke (H) sa at ho ikkje er så uroleg for skatteinngangen, men for sjukefråværet. Reidar Øksnes (Sp) sa at ein må jobba for at Austrheim skal vera plassen å leva og bu, litt for mykje innpendling av arbeidskraft. Odd Harald Dommersnes sa at ein jobbar for å få ned sjukefråværet, Styrar ved Kaland barnehage, Sissel Berge Monslaup, har jobba med dette på Kaland barnehage. No skal Monslaup jobba med dette for Kystbarnehagen, og etter det Nordliheimen. Handsaming i formannskapet: Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å ta tertialrapporten til vitande.

Saksopplysninger:

Bakgrunn.

Rådmannen har ansvaret for å rapportera om den økonomiske situasjonen til politisk nivå. Ved utgangen av kvar tertial skal rådmannen leggja fram rapport til kommunestyre, det vert rapportert til formannskapet på månadsnivå. Rapporteringa skal ha fokus på å avdekka eventuelle avvik i høve vedtatt årsbudsjett, tiltak for å oppnå balanse, prognose for året, utviklinga innanfor tenesteområda, oppnådde resultat/målsettingar og status på eventuelle politiske vedtak. Dersom det er endringar i budsjettet, skal dette også leggjast fram til behandling i tertialrapport. Årets 3.tertialrapport vert lagt fram i desember og er ein forenkla rapport som inneheld eventuelle budsjettjusteringar. Fullstendig rapport for året som inkluderer 3.tertial vert lagt fram med årsmelding. Tertialrapportane skal handsamast i kommunestyret.

Pr 31.03.2021					
Inntekter (I hele tusen kr.)	REGNSKAP ÅR 2021 Pr 31.03	BUDSJETT ÅR 2021 PR.31.03	AVVIK VIRK-BUD	ÅRSBUDSJ	PROGNOSE 2021
Rammetilskudd	29 605 653	28 588 750	1 016 903	96 178 000	96 178 000
Skatteinntekter	31 143 597	28 607 512	2 536 085	96 647 000	96 647 000
Eiendomsskatt	-	-	-	13 500 000	13 500 000
Andre Inntekter	11 612 979	9 293 250	2 319 729	86 678 000	86 678 000
Sum Inntekter	72 362 229	66 489 512	5 872 717	293 003 000	293 003 000
Kostnader (I hele tusen kr.)	REGNSKAP Pr.31.03	BUDSJETT Pr 31.03	AVVIK VIRK-BUD	ÅRSBUDSJ OB	PROGNOSE ÅR 2020
Personalutgifter	49 310 268	49 057 060	-253 208	183 095 000	183 095 000
Andre utgifter	26 093 206	23 835 260	-2 257 946	109 908 000	109 908 000
Sum utgifter	75 403 474	72 892 320	-2 511 154	293 003 000	293 003 000
Resultat	-3 041 245	-6 402 808	3 361 563	-	-

Inntekter

Sum inntekter består av rammetilskott, skatt på inntekt og formue, eiedomsskatt og andre inntekter. Så langt i 2021 er inntektene monaleg større enn kva som er budsjettert. Det er eindeleg usikkerheit knytt til kva inntektsveksten for 2021 vært, men vi har gode tal fyrste tertial.

Rammetilskott

Av tabellen kjem det fram at rammetilskottet er 1 mill. kr. betre enn budsjettt. Rammetilskottet består av rammetilskott, inntektsutjamning ,skjønnsmidlar og distriktstilskott. Det positive avviket i fyrste kvartal 2021 skyldast i stor grad ekstra tilskott i samband med Covid 19.

Skatteinntekter

Skatteinntektene er betre enn budsjettt. Vi ser ingen reduksjon i skatteinntektene i 2021 trass høg lediggang i kommunen, men det er knytt usikkerheit til om denne utviklinga held fram i 2021.

Eiedomsskatt

Når det gjelder eiedomsskatten så har vi ikkje skreve desse ut i fyrste tertial.

Andre inntekter

Inntektene i gruppa andre inntekter er brukarbetalingar, kommunale årsgebyr, statstilskott, refusjonar frå kommunar, refusjon frå staten, integreringstilskot flyktningar, refusjon ressurskrevjande og utbytte. I denne inntektsposten ligg og Havbruksfondet pluss utbytte frå Mongstad Vekst.

Personalutgifter

Personalutgiftene utgjer storparten av utgiftene i kommunen. Vi har hittil i 2021 hatt god kontroll på kostnadene knyta til personalområdet. Men rådmannen er uro for at eit høgt sjukefråvær over tid kan gjer auka kostnader.

Andre utgifter

Det har i 2021 vært kontroll på denne kostnadsgruppa . Viktige postar i denne gruppa er overføringer, renter, avdrag lån, tenestekjøp og vedlikehald. Ein ser frametter moglegheit til å redusere kostnadane på dette området. Kommunen er nå midt inne i ein prosess med å refinansiere kommune sine lån, og ser ein at det er mykje spare med å jobbe med aktivt med lån.

Oppvekst og kultur

Ansvar	Teneste	Inntekter/Konto	Regnskap	Budsjett inkl. er	Avvik i NOK
	ALLE		19 520 809	19 725 290	-204 481
2000	ADMINISTRASJON UNDERVISNING		-77 785	418 610	-496 396
2010	PPT		552 441	594 920	-42 479
2020	BARNEVERN		1 136 332	977 500	158 832
2100	ÅRÅS SKULE		6 171 980	6 606 510	-434 530
2110	KALAND SKULE		3 996 512	4 059 250	-62 738
2200	AUSTRHEIM KYSTBARNEHAGE		3 692 619	3 368 280	324 339
2210	KALAND BARNEHAGE		2 578 195	2 417 850	160 345
4000	BIBLIOTEK		445 787	351 200	94 587
4100	AUSTRHEIM KULTURSKULE		540 885	493 120	47 765
4200	UNGDOMSKLUBB-TILTAK BARN OG UNGE		290 740	256 370	34 370
4300	ANNA KULTUR		193 104	181 680	11 424

Samla så er sektoren på budsjett, men ein ser at sjukefråværet på våre 2 barnehagar gjev avvik mellom budsjett og rekneskap. Det blir nå jobba bra i nærværs prosjektet som i neste omgang vil gje positiv verknad på kostnadane.

Helse og omsorg

Ansvar	Teneste	Inntekter, Konto	Budsjett inkl. er	Regnskap	Avvik i NOK
	ALLE		22 642 590	20 592 086	2 050 504
3000	ADMINISTRASJON HELSE OG SOSIAL		556 720	-115 170	671 890
3100	HELSETJENESTER		3 728 390	3 303 266	425 124
3200	SOSIALE TJENESTER		1 825 000	1 752 468	72 532
3300	NORDLIHEIMEN		7 540 030	7 553 692	-13 662
3310	NORDLIHEIMEN KJØKKEN		1 085 390	841 692	243 698
3320	HEIMETJENESTER I		3 480 110	2 894 290	585 820
3330	ARBEID OG INKLUDERING		4 231 510	4 194 886	36 624
3340	ARBEIDS- OG OPPLÆRINGSSENTER		195 440	166 962	28 478

Sektoren har etter fyrste kvartal eit større mindreforbruk, men når ein går bak tala så ser at kostnadane knyta til sjukefråvær aukar kraftig. Dette er kostnader som vil påverka økonomien for sektoren resten av 2021.

Forvaltning og service

Ansvar	Teneste	Inntekter, Konto	Budsjett inkl. e	Regnskap	Avvik i NOK
	ALLE		11 455 360	13 046 382	-1 591 022
1900	INTERNE SERVICEEININGAR TIL FORDELING		1 194 390	1 423 603	-229 213
5000	PLAN, BYGG, OPPMÅLING OG MILJØ		852 970	786 630	66 340
6000	ADMINISTRASJON TEKNISK		458 130	582 489	-124 359
6100	VATN, AVLØP, RENOVASJON		1 319 390	1 695 948	-376 558
6200	KOMMUNALE VEGAR, KAIAR, FRILUFTSOMRÅDER		491 060	1 052 515	-561 454
6300	BEREDSKAP MOT BRANN OG ANDRE ULYKKER, FEIING		3 722 750	3 767 456	-44 706
6400	EIGEDOMSAVDELING (BYGG, MASKINER OG UTSTYR)		1 990 600	2 273 232	-282 632
6500	REINHALDSAVDELING		1 426 070	1 464 509	-38 439

Vi har i fyrste kvartal brukt langt meir på vintervedlikehald ein budsjettert. Eit anna større avvik gjeld skifte forsikringselskap. Rådmann legg fram eiga sak omkring budsjettjusteringar etter 1 tertial og vil be om auka løyving knyta til vintervedlikehald og ny forsikringsavtale.

Rådmann og politisk styring.

Ansvar	Teneste	Budsjett inkl.	Regnskap	Avvik i NOK
1000	RÅDMANN	3 610 550	4 467 735	-857 185
1100	POLITISK STYRING OG KONTROLLORGAN	810 460	754 839	55 621

Det store avviket på ansvar 1000 gjeld kostnaden med medlemskap i NUI og IKTNH. Her har vi i fyrste tertial fått årsfaktura mens budsjett er lagt opp etter kvartalsfaktura.

Kostnader knyta til Covid 19 i 2021

Våre samla kostnader pr. 31.03.2021 er på 1,6 millionar kroner og vi har ein prognose på 6 millionar kroner for 2021. Storparten av desse kostnadane er knytt til løn. Dette er løn til tilsette som nyttar deler av arbeidsdagen eller heile arbeidsdagen sin til å jobbe med Covid 19. Slik at denne kostnaden alt ligg inne i våre lønsbudsjett.

Konklusjon

Gjeldande prognose pr. dato er at vi kjem til å levere eit årsresultat lik budsjett. Det er viktig å understreka at dette er ein prognose som vert gitt i høve til den kunnskapen vi har pr 31.03.2021

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
057/21	Formannskapet	PS	06.05.2021
035/21	Kommunestyret	PS	20.05.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Odd Harald Dommersnes	FE-150	21/397

Budsjettjustering fyrste kvartal 2021

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek rådmannen sitt framlegg til budsjettjusteringar i samband med tertialrapporten for fyrste tertial 2021

Formannskapet - 057/21 - 06.05.2021

FS - behandling:

Kommunalsjef økonomi og personal Odd Harald Dommersnes orienterte om saka.

Er ikkje midlar til alle dei tinga som ein bør ta fatt i, men kan gjera meir ved å redusera det budsjetterte mindreforbruket.

Per Lerøy (Ap) ba om at ein kjem tilbake til kommunestyret den 20. mai med sak med midlar til varmeanlegg Kystbarnehagen og til å ordna lekkasje i taket over landskapet på Kaland barne- og ungdomsskule

Avdelingsleiar Asbjørn Toft sa om reguleringsplanane at ein treng 400.000 til dei to planane i 2021 for å ikkje stoppa framdrifta.

Per Lerøy (Ap) spurte om kva som manglar ved Kystbarnehagen. Ser at det er brukt byggtørkar, medan ein ikkje får anlegget i drift som det skal. Om Kystbarnehagen sa einingsleiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, at varmeanlegg og ventilasjonsanlegg ikkje er riktig innstilt. Anlegget på Kystbarnehagen har aldri vore justert inn skikkeleg, det er beviset på at kombinasjonen av eigenkontroll og useriøse aktørar ikkje går i hop.

Anne Dahle Austrheim (KrF) sa at det går ut over dei minste og dei tilsette når det ikkje er i orden på Kystbarnehagen.

Anne Dahle Austrheim (KrF) spurte kva det gjev av ekstra belastning om ting ikkje er i orden for reinhaldarar. Om det siste svara Rolf Henning Myrmel at reinhald har stått på og jobba på i Korona. Dette er yrke med mykje slitasje skadar, manglar utstyr til vask og boning. Bra om me hadde fått dette på plass for å visa at ein meiner alvor og gjer noko for å unngå sjukefråvær. Ønsker 200.000 til å ha nye maskiner, noko er 15 år og må skiftast, har også 30 år gammalt materiell som burde vore skifta. Tunge maskiner som ikkje oppdaterte

Inger Lise Brekke (H) spurte om det vil kosta noko å venta med reguleringsplanar, Asbjørn svara at

det treng det ikkje, men det kan komma søknader på dispensasjonar for nye hus og tilbygg skule av di det ikkje er reguleringsplan på plass. Når ein har starta planarbeidet vert det gjerne venta at det går sin gang. Og det er tomter som er attraktive som ein kan få aktivitet på når planane er ferdige. Mykje meir arbeid om ein ikkje har reguleringsplan på plass.

Reidar Øksnes (Sp) sa at kommunehuset veit ein ikkje talet for. Ventar med det. Ber om at det vert lagt fram for kommunestyret kostnad for vaskeutstyr og for å få varmeanlegget på Kystbarnehagen på plass, med prioritering 1 og 2, og kommunehuset nedst etter dei andre. Bør ikkje gapa over for mykje, få på plass det ein har sett i gang.

Anne Dahle Austrheim (KrF) støtta å setta reinhaldsutstyr som nummer ein, varmeanlegg Kystbarnehagen som nummer to, reguleringsplanane som 3 og 4, kostnad rundt 1,1 millionar.

Bjørnar Fjellhaug sa at det ikkje er nokon sum sett for ombygging av kommunehuset, men må i alle fall sikra plass til PPT før 1. januar 2021 (Fensfjorden PPT), og skal også følgja opp styringsgruppa sitt signal om å flytta biblioteket til 1. etasje. Kan be rådmannen om å komma til kommunestyret med sak om dette i haust.

Per Lerøy framlegg om å prioritera vaskeutstyr 200.000 og Kystbarnehagen 500.000 kroner, og så kan ein komma tilbake til sommaren med tal på dei andre prosjekta.

Anne Dahle Austrheim sa at varmeanlegget Kystbarnehagen må prioriterast, om ein legg til utstyr til reinhald, i alt 700.000. Kan komma tilbake til juni-møtet med tal og prioriteringar på dei andre prosjekta.

Odd Harald Dommersnes sa at det ligg 6 millionar til overskot etter 2020, om dette sa Bjørnar Fjellhaug sa at kommunen framleis er på Robek og må halda igjen, men støttar framlegget om å komma tilbake til kommunestyret med dei andre sakene.

Anne Dahle Austrheim (KrF) sa det er viktig med dei 200.000 til kultur. Per Lerøy (Ap) sa om dette at det 14. august vert brujubileum i Kilstraumen, og der må det vera kaffi og kake for å markera at det er 50 år sidan bruene kom. Det er også 50 år sidan ungdomsskulen vart etablert, med jubileum same år som den vart flytta, og 30 år sidan frivilligsentralen kom.

Odd Harald Dommersnes sa at det er vedlikehaldsetterslep fleire stader er, Rolf Henning Myrmel la til at det nok kjem meir til naudsynt vedlikehald, både på bygg og under jorda.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak, med tillegg om 500.000 kroner til varmeanlegg Kystbarnehagen, og 200.000 kroner til utstyr til reinhaldarar. Administrasjonen skal komma tilbake i juni-møtet med ei sak om ombygging kommunehuset og planane «Områdeplan for bustadområde B36 på Kaland og Fonnes og friområdet ved Ekornsåta, planid. 2021002», og «Reguleringsplan for Bustadområdet B07 og skuleområdet ved Austrheim Vidaregåande skule, planid. 2021001».

FS - vedtak:

Kommunestyret vedtek rådmannen sitt framlegg til budsjettjusteringar i samband med tertialrapporten for fyrste tertial 2021.

Tillegg frå formannskapet om 500.000 kroner til varmeanlegg Kystbarnehagen, og 200.000 kroner til utstyr til reinhaldarar. Administrasjonen skal komma tilbake i juni-møtet med ei sak om ombygging kommunehuset og planane «Områdeplan for bustadområde B36 på Kaland og Fonnes og friområdet ved Ekornsåta, planid. 2021002», og «Reguleringsplan for Bustadområdet B07 og skuleområdet ved Austrheim Vidaregåande skule, planid. 2021001».

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Budsjettet skal følgjast opp gjennom budsjettåret, og økonomiske data skal rapporterast inn til kommunestyret og formannskapet etter gjennomgang på alle tenesteområde. Det skal i tillegg rapporterast til det nasjonale informasjonssystemet KOSTRA (Kommune-Stat-Rapportering). Rådmannen ser at det er behov for å styrkja budsjettet innan område som vegvedlikehald,byggvedlikehald,kulturbudsjett og kostnader knyta til endra forsikring

Rådmannen har ansvaret for å rapportera om den økonomiske situasjonen til politisk nivå. Ved utgangen av kvar tertial skal rådmannen leggja fram rapport til kommunestyret, det vert rapportert til formannskapet på månadsnivå. Rapporteringa skal ha fokus på å avdekka eventuelle avvik i høve vedtatt årsbudsjett, tiltak for å oppnå balanse, prognose for året, utviklinga innanfor tenesteområda, oppnådde resultat/målsettingar og status på eventuelle politiske vedtak. Dersom det er endringar i budsjettet, skal dette også leggjast fram til behandling i tertialrapport. Årets 3.tertialrapport vert lagt fram i desember og er ein forenkla rapport som inneheld eventuelle budsjettjusteringar. Fullstendig rapport for året som inkluderar 3.tertial vert lagt fram med årsmelding. Tertialrapportane skal handsamast i kommunestyret.

Vurdering

Dei tiltaka som rådmannen har vurdert som naudsynt å be om pengar til er som følgjer.

1. Ombygging av kloakkanlegget i Vestlia
2. Styrking av midlar til vintervedlikehald
3. Lekkasje i taket over landskapet på Kaland barne- og ungdomsskule
4. Mindre byggearbeid og skifte av inventar på Årås skule
5. Styrking av kulturbudsjettet i samband med ulike arrangement og markeringar
6. Meirkostnader i samband med ny forsikringsavtale

Økonomi

BUDSJETTENDRINGSSKJEMA			Innlevert av:	21/371- 2021		Justering nr.:1 tertial
Art	Ansvar	Teneste	Auka utg. (+)	Auka innt. (-)	Red. innt.(+)	Komn
12300	6400	2220	1 000 000			Ombygging av kloakkanlegg i Vt
12300	6200	3320	400 000			Meirkostnader vintervedlikehald
12300	6400	2221	250 000			Lekkasje tak Kaland Skule
12300	6400	2220	150 000			Mindre byggearbeid Årås skule/
14700	6200	3320	200 000			Styrking av kulturbudsjettet
11850	6000	1200	239 000			Meirkostnader ny forsikringsavta
0			0			
0			0			
0			0			
0			0			
0			0			
0			0			
0			0			
0			0			
0			0			
0			0			
0			0			
0			0			
18700	9000	8000		2 230 000		Auka skatteinntekter
			2 239 000	2 230 000	0	

Rådmannen har i denne budsjettjusteringa ikkje funne pengar til å gjennomføre fyljande tiltak.

1. Ombygging av kommunehuset
2. Utbetring av varmeanlegg på Kystbarnehagen
3. Områdeplan for bustadområde B36 på Kaland og Fønnes og friområdet ved Ekornsåta, planid. 2021002
4. Reguleringsplan for Bustadområdet B07 og skuleområdet ved Austrheim Vidaregåande skule, planid. 2021001
5. Utsifting av gammalt utstyr og maskinar som vert nytta av våre reinhaldarar

Rådmannen har valt å finansiera budsjettjusteringa gjennom å auke skatteanslaget for 2021. Etter fyrste tertial er skatteinngangen monaleg betre enn budsjett, men det vil alltid vera ein usikkerhet om skatteinngangen vil syna same positive avvik i resten av 2021.

Konklusjon

Rådmannen tilrår kommunestyre å gjera desse budsjettendringane i samband med framlegginga av tertialrapporten for fyrste tertial 2021 og at budsjettjusteringa vert finansiert ved auka skatteinntekter.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
036/21	Kommunestyret	PS	20.05.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Bjørnar Fjellhaug	FA-H16, HistSak-14/719, HistSak-13/1002, HistSak- 20/4328	21/395

Fag og tenesteutvikling i og rundt Region Nordhordland Helsehus - ressurs til koordinering og leiing av samarbeidet

Vedlegg

FTU fordeling av kostnader - Koordinering og leiing av samarbeidet
Rammer og arbeidsoppgåver for ressurs - godkjent desember 2020

Framlegg til vedtak:

1. Austrheim kommune sluttar seg til framlegg til organisering og kostnadsrammer for 4-årig prosjektstilling til koordinering og leiing av samarbeidet om fag- og tenesteutvikling.
2. Austrheim kommune sluttar seg til framlegg til fordelingsnøkkel og godkjenner dei årlege kostnadene knytt til denne funksjonen.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Styringsgruppa har i møte 18. september 2020 drøfta og vedteke at det skal arbeidast for å få plass ressurs som skal fungere som dagleg leiar/koordinator for det som omhandlar fag- og tenesteutvikling i Region Nordhordland Helsehus. Dette m.a. for å sikre oppfølging av måla som er satt for arbeidet med Kunnskapsenteret og ei felles satsing på fag- og tenesteutvikling. Rammer og arbeidsoppgåver for ein slik funksjon/ressurs er utarbeidd og godkjent av styringsgruppa 11. desember 2020. (vedlagt)

Styringsgruppa drøfta organiseringa og rammer, og det vart m.a. peika på at det bør vurderast om stillingsressursen kan delast opp i to eller tre stillingar, som samla utgjør 100 % ressurs. Det vart vidare presisert at det er viktig å sikra at ein slik ressursen vert forankra inn mot Helsehuset, og at det må tydeleggjerast at ein slik funksjon operer på vegne av alle partar i samarbeidet.

Styringsgruppa støttar framlegg til at ein slik ressurs vert tilsett i Region Nordhordland IKS (tidlegare

NUI), med arbeidsstad i Helsehuset og at oppdragsgjevar er styringsgruppa for planperioden. Ved godkjenning av ein slik modell var det semje om at dagleg leiar i Region Nordhordland IKS skal involverast i utforming av stillinga, saman med samarbeidspartane. Det vart i same møte vedteke at kostnader med ein slik felles ressurs skal fordelast på alle interessentane i prosjektet.

Styringsgruppa har bede prosjektgruppa utarbeide forslag til vidare prosess som sikrar partane si godkjenning av organisering og finansiering av ressursen, og legge dette fram til handsaming i styringsgruppa sitt møte i februar 2021.

Prosjektgruppa har i møte med arbeidsutvalet(AU) 10.februar 2021 drøfta saka på nytt. Utvalet ber prosjektgruppa arbeide for å kunne lyse ut ei 100% prosjektstilling i løpet av våren. Utlysingsteksten bør tilpassast slik at ein kan ha ei viss grad av fleksibilitet i stillinga, m.a. for å skape rom for ulik stillingsprosent med tilsetning av ein eller to personar. Korleis dette kan organiserast og tilpassast må avklarast med dagleg leiar i Region Nordhordland IKS.

Organisering, kostnader og finansieringsmodell:

- **100 % prosjektstilling i 5 år.**
Tilsett i Region Nordhordland IKS.
Stillinga kan om ønska delast i to mindre stillingar.
- **Årelege forventa kostnader** knytt til stillinga, inkl. forventa lønsauke.

	Årleg forventa kostnad i 1.000 kr						Totalt	Basisåret
	2021 - 6 mnd	2022	2023	2024	2025	2026 - 6 mnd		
Lønn	350	718	735	754	773	396	3 725	700
Arb giv avg og pensjon	105	215	221	226	232	119	1 118	210
Kontor areal inkl reinhald, teknisk drift m.v	35	72	74	75	77	40	373	70
Reiser, kurs, kompetanseheving	15	31	32	32	33	17	160	30
Kurs og div inkl møter - lokale og forpleining	10	21	21	22	22	11	106	20
PC, data og mobil	10	21	21	22	22	11	106	20
Prosjektadm - regnskap og div*	21	43	44	45	46	24	224	42
Total kostnad	546	1 119	1 147	1 176	1 205	618	5 812	1 092
*% av kostnadene	4,0 %							
Forventa årleg lønns og prisauke	2,5 %							

Fordeling av kostnader:

- 50% fordelt mellom HB, HDS og VFK, der fordelingsnøkkel vert avklara mellom partane.

- 50% fordelt på dei 7 kommunane i Region Nordhordland, med 1/3 fast og 2/3 etter innbyggartal. (sjå vedlagt kostnadsestimat med fordeling av årlege kostnader i 5 år.)
- Delar av kostnadene kan bli dekkja gjennom eksternfinansiering av prosjektet. Ved eventuelle tilskot vil partane sine kostnader med stillinga bli redusert.

Før stillinga kan lysast ut må partane stille garanti som sikrar ei grunnfinansiering. Partane må kvar for seg sikre naudsynt forankring og finansiering før stillinga vert lyst ut.

Oppfølging etter møte i styringsgruppa 19.februar.

Med bakgrunn i styringsgruppa si drøfting av saka i møte 19.februar 2021 er det utarbeidd ei oversikt som viser fordeling av kostnadene, der spesialist- og tannhelsetenesta dekker 50 % og kommunane dekker resterande 50%. Det er vidare føreslått ei fordeling av kommunane sine kostnader med 1/3 fast og 2/3 fordelt etter folketal. Oversikt med årlege kostnader for kvar av kommunane er lagt ved. Når det er avklara om partane vil stille garanti for kostnader med stillinga, og ei grunnfinansieringa er på plass vil styringsgruppa handsama saka på nytt og vurdere om vidare prosess med utlysing og tilsetjing kan starta.

Vurdering

I framlegget frå styringsgruppa ligg det til grunn ei 5-årig projektstilling. Ein tilrår at sidan dette er definert som ei projektstilling må tidsperioden justerast ned til 4 år slik at tilsetjinga korresponderer med 4-års regelen i arbeidsmiljølova §14-9 pkt 2a og pkt 5 om mellombels tilsetjing.

Kostnadene er fordelt slik at kommunane skal dekkje 50 % av kostnadene til projektstillinga. Ein legg opp til ein fast del og ein del på grunnlag av folketal.

Kommunane skal dekke 50 % av kostnaden							
Fordeling	Fordelingsnøkkel						
	Folketal	Fast	Folketal	Andel totalt			
Kommune	01.01.2021	33 %	67 %	Andel totalt			
4629 Modalen	376	4,8 %	0,6 %	5,3 %			
4630 Osterøy	8 080	4,8 %	11,9 %	16,7 %			
4631 Alver	29 337	4,8 %	43,4 %	48,1 %			
4632 Austrheim	2 860	4,8 %	4,2 %	9,0 %			
4633 Fedje	525	4,8 %	0,8 %	5,5 %			
4634 Masfjorden	1 660	4,8 %	2,5 %	7,2 %			
4635 Gulen	2 272	4,8 %	3,4 %	8,1 %			
Totalsum	45 110	33,3 %	66,7 %	100,0 %			
Årleg forventa kostnad i 1.000 kr inkludert forventa lønns- og prisauke							
Kommune	2021 - 6 mnd	2022	2023	2024	2025	2026 - 6 mnd	Totalt
4629 Modalen	15	30	31	31	32	16	155
4630 Osterøy	46	93	96	98	101	52	485
4631 Alver	131	269	276	283	290	149	1 398
4632 Austrheim	25	50	52	53	54	28	261
4633 Fedje	15	31	32	33	33	17	161
4634 Masfjorden	20	40	41	42	43	22	210
4635 Gulen	22	45	47	48	49	25	236
Totalsum	273	560	574	588	603	309	2 906

For Austrheim vil kostnadene for 2021 utgjere kr 25 000,-. Årskostnader vil liggje i overkant av kr 50 000,- i perioden. Kostnadene vert dekkja innanfor rammene for 2021 og dei framtidige kostnadene

vert innarbeidd i budsjettarbeidet for 2022.

Konklusjon

1. Austrheim kommune sluttar seg til framlegg til organisering og kostnadsrammer for 4-årig prosjektstilling til koordinering og leiing av samarbeidet om fag- og tenesteutvikling.
2. Austrheim kommune sluttar seg til framlegg til fordelingsnøkkel og godkjenner dei årlege kostnadene knytt til denne funksjonen.

Årleg forventa kostnad i 1.000 kr

	2021 - 6 mnd	2022	2023	2024	2025	2026 - 6 mnd	Totalt	Basisåret
Lønn	350	718	735	754	773	396	3 725	700
Arb giv avg og pensjon	105	215	221	226	232	119	1 118	210
Kontor areal inkl reinhald, teknisk drift m.v	35	72	74	75	77	40	373	70
Reiser, kurs, kompetanseheving	15	31	32	32	33	17	160	30
Kurs og div inkl møter - lokale og forpleining	10	21	21	22	22	11	106	20
PC, data og mobil	10	21	21	22	22	11	106	20
Prosjektadm - regnskap og div*	21	43	44	45	46	24	224	42
Totalt kostnad	546	1 119	1 147	1 176	1 205	618	5 812	1 092

*% av kostnadene 4,0 %

Forventa årleg lønns og prisauke 2,5 %

Fordeling av årelege kostnader: 50,0 % på kvar

Spesialist- og tannhelsetenesta	273	560	574	588	603	309
Kommunane	273	560	574	588	603	309

Kommunane skal dekke 50 % av kostnaden

Fordeling

Fordelingsnøkkel

Kommune	Folketal 01.01.2021	Fordelingsnøkkel		Andel totalt
		Fast	Folketal	
4629 Modalen	376	4,8 %	0,6 %	5,3 %
4630 Osterøy	8 080	4,8 %	11,9 %	16,7 %
4631 Alver	29 337	4,8 %	43,4 %	48,1 %
4632 Austrheim	2 860	4,8 %	4,2 %	9,0 %
4633 Fedje	525	4,8 %	0,8 %	5,5 %

4634 Masfjorden	1 660	4,8 %	2,5 %	7,2 %
4635 Gulen	2 272	4,8 %	3,4 %	8,1 %
Totalsum	45 110	33,3 %	66,7 %	100,0 %

Årleg forventa kostnad i 1.000 kr inkludert forventa lønns- og prisauke

Kommune	2021 - 6 mnd	2022	2023	2024	2025	2026 - 6 mnd	Totalt
4629 Modalen	15	30	31	31	32	16	155
4630 Osterøy	46	93	96	98	101	52	485
4631 Alver	131	269	276	283	290	149	1 398
4632 Austrheim	25	50	52	53	54	28	261
4633 Fedje	15	31	32	33	33	17	161
4634 Masfjorden	20	40	41	42	43	22	210
4635 Gulen	22	45	47	48	49	25	236
Totalsum	273	560	574	588	603	309	2 906

Region Nordhordland Helsehus

Koordinering og leing av samarbeidet om fag- og tenesteutvikling.
(Dagleg leiar funksjon)

Arbeidsgjevar:	Region Nordhordland IKS
Oppdragsgjevar:	Styringsgruppa for planperioden
Oppstart:	August 2021
Ressurs:	100% prosjektr ressurs

Føremålet med ressursen:

Koordinere og bidra til å følgje opp mål og tiltak i 5-årsplan for Fag- og tenesteutvikling, jf. Prosjektmandatet (vedlegg)

Arbeidsoppgåver:

1. Identifisere synergjar mellom samarbeidspartane og deira tilsette med relasjon til helsehuset, og legge til rette for møteplassar for samhandling.
2. Bidra til vidareutvikling av arbeid i samsone¹.
3. Sikre medverknad og involvering av alle samarbeidskommunane.
4. Koordinere kompetanse-, opplærings- og kursverksemd i *Kunnskapssenteret*.
5. Koordinere arbeid med felles portal for informasjon og kommunikasjon om Fag- og tenesteutvikling.
6. Bidra til utvikling av samarbeid innan forskning, utdanning, utvikling og innovasjon mellom samarbeidspartane og andre kompetansmiljø (FoUI-kontakt²)
7. Bidra til å fremje søknader om eksternfinansiering av prosjekt på tvers av samarbeidspartane

¹ Samsone: Viser i denne samanheng til ulike tenesteområde, faggrupper og aktuelle pasient-/brukargrupper, som i fellesskap får i oppdrag å skape meirverdi gjennom å definere felles mål, avklare samarbeids- og samhandlingsprosessar og bidra til gjennomføring.

² Forskings-, utviklings- og innovasjonskontakt

Organisering, kostnader og finansieringsmodell:

- **Ressurs tilsett i NUI/RNI**
 - 100 % prosjektstilling i 5 år – evt dele stillinga mellom to eller fleire personar

- **Tentative kostnader pr. år:**
 - Lønn inkl. sosiale omk.: 1 000 000,-
 - Utstyr, møter, reiser m.m. : 200 000, -

- **Forslag til finansieringsmodell:**
 - Grunnfinansiering fordelt slik:
 - 50% fordelt mellom HB, HDS og VFK
 - 50% kommunane finansiert gjennom Region Nordhordland IKS
 - Delar av kostnadene kan bli dekket gjennom eksternfinansiering av prosjektet

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
055/21	Formannskapet	PS	06.05.2021
037/21	Kommunestyret	PS	20.05.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Bjørnar Fjellhaug	FE-404	21/459

Endring av stillingstittel frå rådmann til kommunedirektør

Framlegg til vedtak:

1. Rådmannen sin stillingstittel vert endra frå rådmann til kommunedirektør.
2. Endringa vert gjort gjeldande frå 21.mai 2021.

Formannskapet - 055/21 - 06.05.2021

FS - behandling:

Rådmann Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

1. Rådmannen sin stillingstittel vert endra frå rådmann til kommunedirektør.
2. Endringa vert gjort gjeldande frå 21. mai 2021.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Stillinga som kommunedirektør er heimla i ny kommunelov §13-1 som vart iverksett frå hausten 2019. Kommunelova nyttar omgrepet kommunedirektør for kommunen sin øvste administrative leiar.

Rådmannen blei beden om å leggje fram ei sak til kommunestyret om å endra formelt tittel frå

rådmann til kommunedirektør i samband med rekruttering av ny øvste administrative leiar i Austrheim.

Saksopplysningar

Austrheim er i gang med prosessen vedk. rekruttering av ny rådmann/kommunedirektør etter at rådmannen gjekk bort i februar. I samband med rekruttering av framtidig rådmann/kommunedirektør er det også naturleg å sjå på endring av tittel slik at den er i tråd med ny kommunelov.

I den nye kommunelova som iverksett hausten 2019 er tittelen **kommunedirektør** nytta som tittel for den øvste administrative leiaren i ein kommune. Endringa i kommunelova inneber likevel ikkje at kommunane må nytta denne tittelen, men kommunane kan framleis nytte tittelen rådmann eller annan tittel utan at dette direkte stridar mot lova. Regjering og Storting er likevel klare på at dei oppmodar kommunane om å nytta den kjønnsnøytrale tittelen kommunedirektør som lova sjølv nyttar på denne stillinga.

Tittelen *rådmann* vart innført ved kommunelovane frå 1938. I kommunelova av 1954 vart det sagt at alle kommunar skulle tilsetje ein *administrasjonssjef*, anten *rådmann* eller *kontorsjef*. I mange mindre kommunar blei tittelen *kontorsjef* nytta. I den førre kommunelova som vart iverksett frå 1992 var tittelen på kommunen sin øvste administrative leiar *administrasjonssjef*. Det var ikkje lovpålagt å nytte denne tittelen. Det var ikkje ein tittel som «slo godt an» i kommune-Noreg, og den vart i liten grad brukt. Solund kommune er ein av få kommunar som nyttar denne tittelen i dag.

I arbeidet med ny kommunelov vart det diskutert om tittelen *kommunedirektør* skulle lovfestast. Eit fleirtal (12-1) i Kommunelovutvalet (NOU 2016:4) ville gjere tittelen obligatorisk. Dei argumenterte slik:

«Utvalget mener at tittel på administrasjonens øverste leder bør lovfestes som en fast tittel. Det vil virke klargjørende at alle kommuner benytter samme tittel for den øverste lederen av kommunens administrasjon. Flertallet understreker at en slik tittel må være kjønnsnøytral. Flertallet foreslår å lovfeste tittelen kommunedirektør og mener at dette er en god tittel. Også det forrige kommunelovutvalget foreslo å lovfeste denne tittelen. Flertallet mener også at et lovfestet krav om en kjønnsnøytral tittel for den øverste lederen i kommunen på en god måte vil oppfylle mandatets målsetting om at det skal så langt det er mulig benyttes kjønnsnøytrale ord og uttrykk i lovteksten. Tittelen rådmann, som brukes av mange kommuner, bør unngås. Dette fordi den ikke er kjønnsnøytral, ikke brukes i alle kommuner, og i liten grad er selvforklarende. Flertallet mener at kommunedirektør er en god tittel som både ivaretar likestillingshensyn og de andre hensynene til en fast og tydelig kjønnsnøytral tittel som viser at dette dreier seg om den øverste lederen i kommunen».

I innstillinga si til Stortinget valde regjeringa likevel ikkje å gå for å lovfeste kommunedirektørtittelen. Hovudargumentet var den kommunale sjølvråderetten. Regjeringa kom likevel med følgjande oppmoding:

«Departementet vil likevel peke på de hensynene som ligger til grunn for utvalgets forslag, og oppfordre kommunene om å bruke den kjønnsnøytrale tittelen som loven selv bruker på denne stillingen».

Stortinget følgde innstillinga til regjeringa på dette punktet og kommunedirektørtittelen vart med det valfritt å nytta.

Tittelen *kommunedirektør* har vore drøfta i Norsk Rådmannsforum (interesse-organisasjon for norske rådmenn). Dei tilrår medlemmane sine å nytta denne tittelen. Grunngevinga er at kommunedirektør

seier noko om kva slags ansvar som ligg til stillinga, den er kjønnsnøytral, den samsvarar med lovteksten og den passar godt til den stillingsbeteikninga som er nytta i kommunesektoren for andre kommunale leiarstillingar, bla. kommunalsjef.

KS og Statsforvaltaren er no konsekvente på at dei stort sett nyttar *kommunedirektør* i kommunikasjonen sin med kommunane i Vestland.

Tittelen vert i større grad teken i bruk i norske kommunar i dag.

Offentleg forvaltning har eit særskilt ansvar for å fremje likestilling og lik moglegheit for alle.

Likestillingslova seier:

§ 1. Formål Lovens formål er å fremme likestilling og hindre diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgaver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsettelse, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, alder og andre vesentlige forhold ved en person. Med likestilling menes likeverd, like muligheter og like rettigheter. Likestilling forutsetter tilgjengelighet og tilrettelegging. Loven tar særlig sikte på å bedre kvinners og minoriteters stilling. Loven skal bidra til å bygge ned samfunnsskapte funksjonshemmende barrierer, og hindre at nye skapes.

Det har vore gjort eit arbeid og regjeringa avgjorde 08.mars 2020 å bytta ut alle yrkestitlar som ikkje er kjønnsnøytrale. Av titlar som no er endra kan ein nemne at frå 01.01.2021 Fylkesmann endra til Statsforvaltar. Ein har også endra *helsesøster* til *helsesjukepleiar* og *riksmeklingsmann* til *riksmeklar*.

Vurdering

Ei tittelendring kan av mange verta oppfatta som symbolsk og lite viktig. Mange rådmenn og folkevalde vil nok framleis meine at den tradisjonelle rådmannstittelen er å føretrekkje, den er kjend, innarbeida og har lange tradisjonar.

Kommunedirektør er ein tittel som vert meir etablert no og offentlege instansar nyttar denne tittelen. Samstundes er tittelen eit signal til samfunnet elles, og særleg til dei unge. Austrheim kommune ynskjer å vere ei framtidsretta, framoverlent og moderne verksemd, både for innbyggjarar og tilsette.

Endringa vil ikkje ha økonomiske konsekvensar og let seg enkelt gjennomføre.

Ei endring frå rådmann til kommunedirektør vil gje eit viktig signal om likestilling i arbeidslivet, og ein tilrår at stillingstittelen på Austrheim kommune sin øvste administrative leiar vert endra til kommunedirektør.

I dag nyttar ein tittelen assisterande rådmann. Det vert ein naturleg konsekvens at denne vert endra til assisterande kommunedirektør.

I revidering av delgeringsreglementet og styringsdokument endra frå rådmann til kommunedirektør.

Det er ikkje noko som hindrar i at endringa kan tre i kraft så snart kommunestyret har gjort vedtak om ny tittel.

Konklusjon

Rådmannen tilrår, på bakgrunn av saksutgreiinga, at tittel vert endra frå rådmann til kommunedirektør. Det er ingenting som hindrar at dette kan iverksetjast umiddelbart og ein tilrår difor det.

Framlegg til vedtak:

1. **Rådmannen sin stillingstittel vert endra frå rådmann til kommunedirektør.**
2. **Endringa vert gjort gjeldande frå 21.mai 2021.**

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
059/21	Formannskapet	PS	06.05.2021
038/21	Kommunestyret	PS	20.05.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FA-X03	21/476

TV-aksjonen 2021 - oppretting av kommunekomiteé

Vedlegg

Anmodningsbrev opprettelse av kommunekomiteé for TV-aksjonen - Austrheim
Søknad kommunebidrag TV-aksjonen 2021 Austrheim

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Austrheim vel følgjande kommunekomiteé for TV-aksjonen 2020:

- Leiar: Ordførar Per Lerøy
- Sekretær: Rigmor Ludvigsen
- Ein tilsett i administrasjonen med lokalkunnskap i Austrheim
- Eit medlem utpeikt av Lindåsneset Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Årås Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Kvinne- og familielaget
- Eit medlem frå Austrheim idrettslag
- Eit medlem frå Ungdomsrådet

Rådmannen får mynde til å erstatta eller leggja til medlemmer i komiteen for TV-aksjonen.

På bakgrunn av erfaringane frå 2020, med både organisering, avvikling og innsamlingsresultat, vil Austrheim kommune rå til at TV-aksjonen går over til å blir ein digital innsamlingsaksjon.

Austrheim formannskap løyver 30.000 kroner til TV-aksjonen 2020.
Kostnaden vert dekkja frå post **1490380001902**

Formannskapet - 059/21 - 06.05.2021

FS - behandling:

Ordførar Per Lerøy orienterte om saka.
Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Kommunestyret i Austrheim vel følgjande kommunekomiteé for TV-aksjonen 2020:

- Leiar: Ordførar Per Lerøy
- Sekretær: Rigmor Ludvigsen
- Ein tilsett i administrasjonen med lokalkunnskap i Austrheim
- Eit medlem utpeikt av Lindåsneset Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Årås Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Kvinne- og familielaget
- Eit medlem frå Austrheim idrettslag
- Eit medlem frå Ungdomsrådet

Rådmannen får mynde til å erstatta eller leggja til medlemmer i komiteen for TV-aksjonen.

På bakgrunn av erfaringane frå 2020, med både organisering, avvikling og innsamlingsresultat, vil Austrheim kommune rå til at TV-aksjonen går over til å blir ein digital innsamlingsaksjon.

Austrheim formannskap løyver 30.000 kroner til TV-aksjonen 2020.

Kostnaden vert dekkja frå post **1490380001902**

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Fylkeskoordinator i Vestland for TV-aksjonen 2021 har oppmoda kommunen ved ordførar til å oppretta kommunekomiteé for årets aksjon. Inntektene skal dette året gå til organisasjonen Plan, og deira arbeid mot barneekteskap, særleg i landa Bangladesh, Nepal, Malawi, Mali og Niger. Plan sitt anslag er at det på verdsbasis vert inngått eit barneekteskap kvart tredje sekund, ein praksis som hindrar utvikling og opprettheld fattigdom.

Innsamlingsresultatet i 2020 var for Austrheim 143.770 kroner, det inkluderer dei 25.000 som kommunen gav til aksjonen. Sjølve innsamlingsdagen i 2021 er søndag 24. oktober.

I 2020 var innsamlingsaksjonen digital på grunn av Korona-pandemien. Plan skriv at det ikkje er klart korleis det vert i år, men erfaringa frå Austrheim er at digital aksjon er ei god løysing. Folk har lite kontantar heime, det meste av loddsal og anna skjer via Vipps og liknande, slik at ein digital innsamlingsaksjon er ei effektiv løysing. Det vil også redusera behovet for dugnadsfolk, der det skal mange bøsseberarar til for å dekkja heile kommunen. Også frå andre kommunar i landet er det no ei forventning om at TV-aksjonen har blitt digital for godt.

Når kommunekomiteen er utnemnt, skal medlemmene registrera seg på eit eige elektroniske

registreringsskjema. Skjemaet ligg på blimed.no/komite

Fylkeskoordinator i Vestland for TV- aksjonen 2021 har også oppmoda kommunen til å gje ei pengegåve til aksjonen. Austrheim kommune har dei siste åra gitt 25.000 kroner til den årlege TV-aksjonen, ordførar har signalisert at det er på tide å auka dette til 30.000 kroner.

Vurdering

Samansetnaden av kommunekomiteen er om lag slik den har vore dei siste åra. Rådmannen får mynde til å erstatta eller leggja til medlemmer i komiteen for TV-aksjonen, slik at det kan gjerast justeringar utan ny handsaming politisk.

Gåvesummen har vore 25.000 kroner ein del år, og vert no auka til 30.000 kroner.

Konklusjon

Kommunestyret i Austrheim vel følgjande kommunekomité for TV-aksjonen 2020:

- Leiar: Ordførar Per Lerøy
- Sekretær: Rigmor Ludvigsen
- Ein tilsett i administrasjonen med lokalkunnskap i Austrheim
- Eit medlem utpeikt av Lindåsneset Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Årås Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Kvinne- og familielaget
- Eit medlem frå Austrheim idrettslag
- Eit medlem frå Ungdomsrådet

Rådmannen får mynde til å erstatta eller leggja til medlemmer i komiteen for TV-aksjonen.

På bakgrunn av erfaringane frå 2020, med både organisering, avvikling og innsamlingsresultat, vil Austrheim kommune rå til at TV-aksjonen går over til å blir ein digital innsamlingsaksjon.

Austrheim formannskap løyver 30.000 kroner til TV-aksjonen 2020.

Kostnaden vert dekkja frå post **1490380001902**



Til Per Lerøy i Austrheim kommune
Sætremarka 2
5943 AUSTRHEIM

Bergen, 23. april 2021

Anmodning til ordfører om å opprette og lede en kommunekomité for TV-aksjonen NRK 2021

På vegne av TV-aksjonen ønsker vi å takke for samarbeidet under fjorårets aksjon der vi engasjerte hele landet i kampen mot plast i havet. Sammen jobbet vi med bærekraftsmål nummer 14. Året 2020 ble på alle måter annerledesåret, men vi er imponerte og glade for det gode samarbeidet rundt organiseringen av innsamlingen på en ny måte.

Deres sporty innstilling og den gode innsatsen i Austrheim kommune resulterte i 143 770 kroner til WWFs arbeid.

Med TV-aksjonen bidrar vi som nasjon til ulike bærekraftsmål hvert år. TV-aksjonen er derfor et godt verktøy der lokalt engasjement bidrar til endringer globalt. Den lokale mobiliseringen for TV-aksjonen gjør verden til et litt bedre sted hvert eneste år. Dette er det gode grunn til å være stolt av.

Kommunekomiteene er helt essensielle for en vellykket TV-aksjon. Mobilisering av bøssebærere og samhandling mellom det offentlige, frivilligheten, skoler og næringslivet gir fantastiske resultater år etter år. Her er du som ordfører en viktig leder for å skape forankring for samarbeidet på tvers av ulike sektorer og aktiviteter i kommunen. Sammen skaper vi – i lille Norge – det som er verdens største innsamlingsaksjon. TV-aksjonen bidrar til den viktige saken hvert år, samtidig skapes felles opplevelser for lokalsamfunn.

Dette vil vi gjerne invitere deg som ordfører med på. Vi håper du vil fortsette tradisjonen, og påta deg vervet som leder for kommunekomiteen i Austrheim kommune. Oppgaven vil blant annet bestå av:

- Sette sammen og lede kommunekomiteen
- Inspirere og motivere lokalsamfunnet til å engasjere seg.
- Skape forankring for god samhandling i kommunen.

I år går TV-aksjonen av stabelen 24. oktober og Plans arbeid for å bekjempe barneekteskap er formålet. Hvert tredje sekund blir en jente giftet bort et sted i verden. Barneekteskap bremser utvikling og opprettholder fattigdom. Med årets TV-aksjon skal vi nå ut til tre millioner mennesker for å få slutt på barneekteskap i Bangladesh, Nepal, Malawi, Mali og Niger. Sammen skal vi gi jenter muligheten til å velge sin egen framtid.

Pandemiens utvikling vil avgjøre hvordan årets TV-aksjonen blir, men TV-aksjon blir det. TV-aksjonen 2021 vil kunne være en unik mulighet til å åpne opp for fysiske menneskemøter igjen. Vi planlegger for, og håper på, at alle igjen skal få besøk av en bøssebærer fra sitt nabolag på aksjonsdagen. Møtet i døra gir alle muligheten til å gi, samtidig som de får kunnskap om en viktig sak. Den digitale bøssea blir et ekstra supplement til å engasjere enda flere.

Når kommunekomiteen er utnevnt, ber vi om at medlemmene registrerer seg på vårt elektroniske registreringsskjema her: blimed.no/komite

Mvh,
Marthe Jansen, Fylkesleder TV-aksjonen Vestland
vestland@tvaksjonen.no
94 11 11 01



Per Lerøy i Austrheim Kommune

Bergen, 23. april 2021

TV-aksjonen NRK Plan 2021 – Oppfordring til bidrag

Først og fremst ønsker jeg å takke Austrheim for støtte til TV-aksjonen NRK i fjor. Samarbeidet med Austrheim har en lang tradisjon, og er avgjørende for mobiliseringen av innbyggerne til bøssebæring på aksjonsdagen som i år er 24. oktober. Vi håper at Austrheim vil videreføre tradisjonen med å gi et pengebidrag til TV-aksjonen i år også.

TV-aksjonen NRK er verdens største dugnad. 7000 fantastiske frivillige over hele landet jobber for å mobilisere 100 000 bøssebærere, og organisere TV-aksjonen lokalt. Med TV-aksjonen bidrar vi som nasjon til ulike bærekraftsmål hvert år. TV-aksjonen er derfor et godt verktøy der lokalt engasjement bidrar til endringer globalt. Den lokale mobiliseringen for TV-aksjonen gjør verden til et litt bedre sted hvert eneste år. Dette er det god grunn til å være stolt av.

I år går TV-aksjonen av stabelen 24. oktober og Plans arbeid for å bekjempe barneekteskap er formålet. Hvert tredje sekund blir en jente giftet bort et sted i verden. Barneekteskap bremser utvikling og opprettholder fattigdom. Med årets TV-aksjon skal vi nå ut til tre millioner mennesker for å få slutt på barneekteskap der vi vet vi kan gjøre en forskjell. TV-aksjonsmidlene går til kampen mot barneekteskap i Bangladesh, Nepal, Malawi, Mali og Niger. Sammen skal vi gi jenter mulighet til å velge sin egen framtid.

Slik bidrar dere enkelt: For å synliggjøre det brede engasjementet fra alle landets kommuner registreres alle bidragene på giverstafett.no fra 1. august. Når bidraget er registrert blir faktura tilsendt umiddelbart på e-post. Det går også an å laste ned faktura som PDF etter at bidraget er registrert. Om du ikke mottar faktura på e-post umiddelbart ber vi dere ta kontakt med fylkesaksjonsleder som kan bistå dere.

Registrerte og innbetalte beløp blir en del av statistikken for deres kommune på aksjonsdagen.

Vennligst ta kontakt med fylkesaksjonsleder om du har noen spørsmål.

Med vennlig hilsen

Marthe Jansen, fylkesaksjonsleder i Vestland

94 11 11 01, vestland@tvaksjonen.no

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
039/21	Kommunestyret	PS	20.05.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	21/506

Ny vara til landbruksfagrådet - Marita Bru/Bygdelista

Framlegg til vedtak:

Marita Bru (Bygdelista) går inn i vervet som vara for Reidar Øksnes (Sp) i Landbruksfagrådet.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vurdering

Austrheim kommune har oppretta Landbruksfagrådet. Rådet har fem medlemmer.

- 1 medlem frå Austrheim og nordre Lindås bondelag (vald mellom medlemmer i Austrheim)
- 1 medlem frå Austrheim landbrukskvinnelag
- 1 medlem frå Austrheim sauealslag
- 1 medlem frå Viltfagrådet i Austrheim
- 1 medlem frå kommunestyret (vald mellom medlemmene)

Alle medlemmene har vara. Representanten frå kommunestyret skal vera leiar. Rådet vel sjølv nestleiar.

Då kommunestyret 12.12.2019 vedtok kven som skal vera «sitt» medlem i utvalet, fekk Reidar Øksnes (Sp) den faste plassen. Atle Utkilen (Bygdelista) vart sett som vara. Kommunestyret har tidlegare gjort nokre endringar etter at Bygdelista sin representant Utkilen gjekk bort i 2020. Noko står likevel att.

Konklusjon

Marita Bru (Bygdelista) går inn i vervet som vara for Reidar Øksnes (Sp) i Landbruksfagrådet.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
040/21	Kommunestyret	PS	20.05.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	21/506

Nytt medlem i arealplanutvalet - Marita Bru/Bygdelista

Framlegg til vedtak:

Marita Bru går inn som Bygdelista sin representant i arealplanutvalet. Bru har ikkje vara, sidan ho er den einaste frå Bygdelista i kommunestyret.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

I samband med utarbeiding av kommuneplan og delplanar nyttar kommunen arealplanutvalet som arbeidsutval. Dette utvalet er samansett av formannskapet og 1 medlem frå partia/gruppene som ikkje er representert i formannskapet. Då medlemmene i utvalet vart vedtekne i kommunestyret 12.12.2019, fekk Atle Utkilen plass i utvalet, utan vara sidan han var einaste representant Bygdelista hadde i kommunestyret.

Kommunestyret har tidlegare gjort nokre endringar etter at Bygdelista sin representant Atle Utkilen gjekk bort i 2020. Noko står likevel att, og denne plassen vart handsama i valnemnda 11. mai 2021. Det er kommunestyret som vedtek kven som er medlemmer i arealplanutvalet.

Valnemnda gjorde dette vedtaket:

Arealplanutval 2019-2023:

Møtesekretæren lagar sak til kommunestyret, der Marita Bru går inn i vervet som er tildelt Bygdelista sin representant i kommunestyret.

Konklusjon

Marita Bru går inn som Bygdelista sin representant i arealplanutvalet. Bru har ikkje vara, sidan ho er den einaste frå Bygdelista i kommunestyret.

